

Nasjonalt registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal



1

2



3



5



4



6



7



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga

RAPPORT

Nr. 6-1994

ISBN 82-7430-066-1
ISSN:0801-9363

TITTEL: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal	DATO: 1.mai 1994
---	----------------------------

FORFATTAR: Siv Aksdal	ANTAL SIDAR: 125
---------------------------------	----------------------------

SAMANDRAG:

Denne rapporten presenterer resultatet av prosjektet "Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap" i Møre og Romsdal. Prosjektet vart igangsett av Miljøverndepartementet og Direktoratet for Naturforvaltning i 1992.

Målet med prosjektet er å samordne og utvikle ei forvaltning av jordbruket sitt kulturlandskap der kriteriane biologisk mangfald, kulturminne og oppleving vert sikra (Nasj.reg.: Del 1). For å kunne nå dette målet er det m.a. nødvendig å utarbeide ein oversikt over det mest verdifulle kulturlandskapet.

Prosjektet er i Møre og Romsdal avslutta vinteren 1994. Rapporten presenterer metodikk og feltresultat frå registreringane

I Møre og Romsdal er det registrert 50 område gjennom feltsesongen -93. Områda som er valt ut som særleg verdifulle er fordelt over heile fylket. Fordelinga er gjort slik at dei fleste landskapsregionane (Etter NIJOS 1992, unpubl.) er presentert. Hovudkategoriane av landskapsregionar i Møre og Romsdal er: Sør-Noregs fjellskog, Sør-Noregs høgfjellsregion, Vestlandets kystbygder, Vestlandets ytre fjordbygder, Vestlandets midtre fjordbygder, indre vestlandsbygder, Trøndelags- og Nordmøres kystbygder, fjordbygder i Møre og Trøndelag og dal og fjellbygder i Sør-Trøndelag (fig.1).

I Møre og Romsdal er det gjort eit utval av 19 område som er spesielt interessante. Det er ikkje gjort nokon rangering av desse områda innbyrdes.

Områda er:

Område	Kommune	Stikkord
<u>Landskapsregion 20: Vestlandets kystbygder.</u>		
1. Sandsøy, Riste	Sande	Beitelandskap, grashei/lynghei med kalkhaldig jordsmonn, biol. mangfald.
2. Runde, Nerlandsøy	Herøy	Beitelandskap, lynghei kalkhaldig jordsmonn, biol.mangfald. fuglefjell, nasj. reisemål.
3. Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein, Hareid	Herøy, Ulstein, Hareid	Heilskapleg landskap med busetnad, kulturminne, fornminne, beitemarker.
4. Alesund	Giske	Beitelandskap m. biol.mangfald. Grashei, lynghei, Alesund fyr.
5. Skuløy / Haramsøy, ytre	Haram	Beitelandskap, gras- og lynghei på kalkrik grunn. Gammalt fiskevær, fyr, klyngetun, naustrekke.
<u>Landskapsregion 21: Vestlandets ytre fjordbygder.</u>		
6. Raudøya, Eiksund m.m.	Ørsta, Herøy, Ulstein	Samansatt småskala landskap. Kristorn, eik.
<u>Landskapsregion 22: Vestlandets midtre fjordbygder.</u>		
7. Norangsfjorden-Norangsdalen	Ørsta / Stranda	Fjord- og seterdrift, særprega natur og setermiljø.
8. Dyrkorn	Stordal	Heilskapleg industri- og jordbruksbygd.
9. Jordalsgrenda	Sunnal	Beitebakkar, gammal slåtteeeng, biol. mangfald.
10. Øksendal	Sunnal	Heilskapleg jordbruks-bygd, verneverdige kulturminne, elveos og strandlinje.
<u>Landskapsregion 23: Indre vestlandsbygder.</u>		
11. Geirangerfjorden.	Stranda	Storslått fjord- og fjellgardsmiljø. Internasj. turmål.

12. Romsdalen.	Rauma	Dalføre med storslått natur-og kultur-landskap .Internasj. tursmål.
13. Eikesdal-Øverås	Neset	Dalføre med vakkert og særprega jordbruksmiljø. Hasselskog. Pila alm. Nasj. tursmål.

Landskapsregion 25: Trøndelags og Nordmøres kystbygder.

14. Hustadvika-Atlanterhavsvegen.	Fræna, Eide, Averøy	Kystlandskap. Gammal slåtteeeng m. biol.mangfald
15. Øyer på Sør-Smøla.	Smøla	Øybruk, biol. mangfald.

Landskapsregion 26: Fjordbygder i Møre og Trøndelag.

16. Tautra	Midsund	Øy med heilskapleg kult.landskap, mange kulturmarkstypar, interessant botanikk.
17. Gangnat	Gjemnes	Einerbakke m. biol. mangfald.

Landskapsregion 28: Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag.

18. Grøvuvasdraget. (Svisdal, Jenstad, Hafsås og Røymo)0	Sunddal	Storslått vassdrag, Fjellgardar, seter-grender, biol. mangfald.
19. Nordmarka	Surnadal	Fjellgardar, setrer, slåttemyrer.

Det må understrekast at registreringane i Møre og Romsdal ikkje er fullstendige på nokon måte. Dette er ei grov registrering av kulturlandskapskvalitetar knytta til nokre utvalte område av ulik omfang og innhald i Møre og Romsdal.

Representative område fordelt i dei ulike landskapsregionane (NIJOS 1992) rundt om i fylket er prøvd valt ut. Dette er gjort for å få fram mangfaldet i Møre og Romsdal både når det gjeld natur og kultur.

Forord

Hausten 1991 satt Miljøverndepartementet ned eit utval med ansvar for ein nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Utvalet fekk mandat til å utarbeide kriterie for utveljing av særleg verdifulle kulturlandskap og sørge for at fylkesorgana sette igang arbeidet med å finne fram til dei mest verdifulle kulturlandskapsområda, og koordinere og evaluere arbeidet i fylka (Nasj.reg., del 1, 1992).

Fylkesmannen si miljøvernavdeling har vore administrativt ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet i Møre og Romsdal. Samarbeidsgruppa for kulturlandskap i fylket har vore referansegruppe. Gruppa er samansett av følgjande medlemmar:

Knut Herje, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga,
 Harald Ørsahl, " , miljøvernavdelinga,
 Idar Mølseter, Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga,
 Jens Peter Ringstad, " , kulturavdelinga,
 Ingeborg Godø, Møre og Romsdal Bondelag
 Cecilie Torbjørnson, Bonde- og småbrukarlaget i Møre og Romsdal,
 Lars Sætre, Møre og Romsdal Skogeigarlag.

Prosjektleiaren har samarbeida med John Bjarne Jordal med fleire som har gjort registreringar av sopp på kulturmark i Møre og Romsdal. Sopp-prosjektet er m.a. finansiert av kulturlandskapsmidlar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga. Vi har utveksla informasjon og kunnskap og utval av dei mest interessante kulturlandskapsområda er gjort i utvaleti samarbeidsgruppa.

Siv Aksdal har vore prosjektleiar og har gjort forarbeidet, feltregistreringar og utarbeidd rapporten. Merete Stokke har vore prosjektmedarbeidar sommaren-93 og gjorde i denne tida mange av feltregistreringane.

Kjersti Eide har gjort det meste av det karttekniske arbeidet.

Dersom ikkje anna er oppgjeve, er det prosjektleiaren som har tatt bileta.

Vi takkar alle velvillige grunneigarar og informantar som vi har møtt under feltregistreringane og elles alle andre som har ytt hjelp under utarbeidinga av denne rapporten.

Molde, mai 1994

Per Fredrik Brun
 Fylkesmiljøvernssjef

Trond Haukebø

INNHALD

	side
Forord	4
1. Innleiing	6
2 Kulturlandskapet i Møre og Romsdal	8
3. Landskapsregionar i Møre og Romsdal	13
4. Oversikt over registrerte område	18
5. Utvalde og særleg verdifulle kulturlandskapsområde i Møre og Romsdal	21
6. Omtale av dei utvalde områda	23
6.1 Sandsøya-Riste	23
6.2 Runde-Nerlandsøy	27
6.3 Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid	32
6.4 Alnes	37
6.5 Haramsøy og Skuløy, ytre	41
6.6 Raudøya-Eiksund	46
6.7 Norangsfjorden-Norangsdalen	50
6.8 Dyrkorn	55
6.9 Jordalsgrend	59
6.10 Øksendal	63
6.11 Geirangerfjord-området	66
6.12 Romsdalen	76
6.13 Eikesdal-Øverås	83
6.14 Hustadvika-Atlanterhavsvegen	91
6.15 Øyane sør-aust for Smøla	97
6.16 Tautra	103
6.17 Gagnat	107
6.18 Grøvuvasdraget	111
6.19 Nordmarka	117
7. Kommenterar og vidare arbeid	122
Litteratur	124

1. Innleiing

Bakgrunn for prosjektet

I 1991 satt Miljøverndepartementet ned eit utval med ansvar for ein nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Utvalet bestod av representantar frå Norges Landbrukshøgskule, Norges Bondelag, Norges Bonde- og småbrukarlag, Norges Naturvernforbund, Fylkes-landbrukskontoret i Østfold, Riksantikvaren, Landbruksdepartementet, Miljøvern-departementet, Direktoratet for naturforvaltning og Norsk institutt for naturforskning.

Utvalet sitt mandat var å :

- utarbeide kriterie for utveljing av særleg verdifulle kulturlandskap
- sørge for at fylkesorgana satte i gang med å finne fram til dei mest verdifulle kulturlandskapsområda og koordinere og evaluere arbeidet i fylka.
- vurdere tilhøva mellom jordbruksdrift, natur- og kulturminneforvaltning, og behovet for eventuell sikring ved hjelp av juridiske verkemiddel.

Prosjektet er avgrensa til å gjelde jordbruket sitt kulturlandskap.

Målet med prosjektet har vore "å utarbeide, samordne og utvikle ei forvaltning av jordbrukslandskapet sitt kulturlandskap der biologisk mangfald, kulturminne og opplevingskriteria vert sikra". Dette skulle gjerast ved m.a. å utarbeide ei oversikt over verdifulle kulturlandskap i heile landet.

For å finne fram til dei mest verdifulle områda, har det sentrale utvalet laga ei grov inndeling av desse hovudkategoriane:

-Representative og typiske landskap med vekt på kontinuitet ved at tradisjonelle driftsformer er halde i hevd, og med kontinuitet i byggeskikk og busettingsmønster, samt hevd av andre kulturspor. Området skal vere eit heilskapeleg landskap som utgjer eit komplett og velbevart miljø som ikkje er øydelagd av inngrep i seinare tid, men har behalde sine biologiske og kulturhistoriske kvalitetar. Slike område er ofte representative for ei epoke og for gamle driftsformer.

-Særprega landskap med vekt på område med eigenart som forsterkar, eventuelt avvik frå det som er typisk i regionen, fylket eller landsdelen, dvs område med stor eigenverd. I slike område vil og sjeldsynt vere eit avgjerande kriterium. Område som innehar trua artar og kulturmarkstypar samt sjeldane kulturlandskapselement, som busetnad, kanalsystem, vegar m.m., vil vere aktuelle.

-Mangfald-landskap med stor artsriksdom og variasjon. I tillegg til kontinuitetskriteriet vil område med stort mangfald av ulike kulturmarkstypar (naturtypar og restbiotopar medrekna) og kulturminne, samt rik flora og fauna, vere av stor interesse. Dette er ofte område med stor historisk djupnad.

Registreringane vil ha innverknad på forvaltninga av kulturlandskapet på nasjonalt-, regionalt- og vonleg på kommunalt nivå. Registreringane vil kunne få innverknad ved tildeling av landbruket sitt utvida areal- og kulturlandskapstillegg.

I Møre og Romsdal er det registrert område av ulik storleik. For det meste er det lagt vekt på å registrere større landskap som m.a. eit heilt dalføre og eit fjordområde osv..

Arbeidet med prosjektet er gjort i tre fasar:

Fase 1: Forarbeid (innsamling av data og feltrekognosering)..

Fase 2: Registrering (feltarbeid).

Fase 3: Rapportering (prioritering).

Fylkesmannen si miljøvernavdeling har vore administrativt ansvarleg for gjennomføring av prosjektet i Møre og Romsdal. Samarbeidsgruppa for kulturlandskap i fylket har vore referansegruppe. Gruppa er samansett av følgjande medlemmar:

Knut Herje, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga,
 Harald Ørsahl, " , miljøvernavdelinga,
 Idar Mølseter, Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga,
 Jens Peter Ringstad, " , kulturavdelinga,
 Ingeborg Godø, Bondelaget i Møre og Romsdal,
 Cecilie Torbjørnson, *Bonde- og småbrukarlaget i Møre og Romsdal*,
 Lars Sætre , Skogeigarlaget i Møre og Romsdal.

I samband med prosjektet har samarbeidsgruppa gjort 4 befaringar rundt om i fylket. Prosjektet blei avslutta i april 1994.

I Møre og Romsdal har arbeidet med prosjektet i hovudsak vore gjort i 1993 med noko forarbeid i -92 og etterarbeid i -94.

Mål og metode

Vinteren -92/93 vart det sendt ut eit spørjeskjema til dei 38 kommunane, alle landbrukskontora, aktuelle interesseorganisasjonar og institusjonar i fylket. Dette for å få fram opplysingar om verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Det vart og halde informasjonsmøter om prosjektet. Skjemaet som vart sendt ut er presentert i *metodehefte 1 (Nasj. reg. av verdifulle kulturlandskap)*. Kommunane og landbrukskontora samarbeidde om innsending av interessante område. Responsen frå desse etatane var stor, men frå dei frivillige organisasjonane var responsen dårleg. Tilsaman kom det inn ca. 500 registreringsforslag i Møre og Romsdal.

I arbeidet med utveljinga av område som skulle undersøkast vidare, stod referansegruppa for kulturlandskap sentralt. Alle dei foreslåtte områda vart innteikna på kart saman med NIJOS sine foreløpige inndelingar av landskapsregionar i Møre og Romsdal. For å få eit representativt utval i fylket vart områda i kvar landskapsregion valt ut til vidare undersøkingar. Områda innafor landskapsregionane vart plukka ut på bakgrunn av dei opplysingane som låg føre og i samråd med John Bjarne Jordal og Geir Gaarder som har undersøkt soppfloraen i en del naturbeitemarkar og naturenger i Møre og Romsdal. (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

Det må presiserast at det innafor den tids- og kostnadsramma som var til rådvelde har det vore heilt urealistisk å få undersøkt alle dei områda som ein burde for å få ei oversikt over verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. For å få ei meir realistisk vinkling på

registreringane har vi difor for det meste valt ut større samanhengande område. Innafor desse er eit eller fleire mindre område undersøkt og vurdert etter registreringskjema.

Det har vore gjort svært lite kulturlandskapsundersøkingar/registreringar i Møre og Romsdal tidlegare. Det har difor vore eit omfattande arbeid å gå laus på dette temaet.

Bruk av registreringskjema

Innafor dei utvalte områda er ein eller fleire lokalitetar registrert på skjema på 2-4 sider (vedlegg 1). Dei utvalte områda i Møre og Romsdal varierer mykje i storleik. Skjemaene har lagt opp til utveljing av relativt små hovudområde med delområde. Etter vår erfaring er skjemaene alt for detaljert i forhold til det nivået ein må arbeide på for å finne fram til interessante område på dette stadiet. Vi har difor funne det hensiktsmessig å variere bruken av skjemaene noko etter behov. D.v.s. at vi i visse høve til dømes har vurdert eit heilt dalføre som eit hovudområde og ei setergrend innafor dette igjen som delområde, mens det i andre høve har vore meir hensiktsmessig å vurdere eit gardsbruk som hovudområde med dei ulike kulturmarkstypene som delområde.

Dei registrerte områda er pr.10 april 1994 ikkje lagt inn på data. Dette bør gjerast i næraste framtid.

2. Kulturlandskapet i Møre og Romsdal

NATUR- OG KULTURTIHØVE I MØRE OG ROMSDAL

Naturtilhøve

Det som særpregar Møre og Romsdal er først og fremst det store mangfaldet i natur, kultur, landskapstypar, terreng og klima. Dei naturlege forutsetningane for jordbruk og busetting har gjeve eit variert kulturlandskap med mange utformingar. Det er stor skilnad mellom ytre kyst- og indre fjellbygder, og mellom den sørlege og nordlege delen av fylket. Her finn ein alt frå små fiskever ytst mot havet til store jordbruksbygder og fjellgardar i innlandet.

Den dominerande bergarten i fylket er gneis, men med innslag av kalkrike og/eller sedimentære bergartar i einskilde område. Strandflata, som er ein relativt flat brem i berggrunnen nær havets nivå, er klårt og tydeleg utvikla i ytre kyststrøk i heile fylket. Særleg karakteristisk er den flate Smøla, og "lærebokdømet" ved Hustad i ytre Fræna.

Samanlikna med Hordaland og Sogn og Fjordane er Møre og Romsdal eit noko meir lausmasserikt fylke. Nokså store delar er dekkja av eit samanhengande morenedekke, særleg i den nordlege halvdelen. I tillegg til fleire lausmassefylte dalbotnar og store myrareal, har ein derfor fleire område med gode naturgitte tilhøve for oppdyrking av store jordbruksareal.

Klimaet varierer svært, yst mot havet er det oseanisk med milde vintrar og kjølege somrar og inst i fjordane kontinentalt med kalde vintrar og varme somrar.

Arealbruk

Dominerande driftsformer i fylket er i dag husdyrbruk og mjølkeproduksjon. Bruka er overveiande små og mellomstore med unntak i dei største landbrukskommunane i Romsdal og på Nordmøre.

Omlag 4,5 % av landarealet i Møre og Romsdal er jordbruksareal (Landbruk 2000. 1990.). Av dette er det meste engareal. Dei siste åra har areal til korndyrking auka. Ei av årsakane til dette er at kvotane for husdyrproduksjon er oppfylt. Økonomisk er det mjølkeproduksjonen som i dag betyr mest.

Fruktdyrking har størst omfang i midtre og indre delar av fylket, særleg Norddal kommune. Omfanget av fruktdyrkinga har gått sterkt tilbake dei siste åra. Bærproduksjon finn ein over det meste av fylket, og dei største areala ligg i Norddal, Frei og Rauma. Jordbærproduksjonen utgjer størstedelen av dette arealet. Grønsakproduksjonen i fylket er i tilbakegang, medan grønsakarealet for landet sett under eitt viser jamn auke. Gulrot utgjer omlag halve arealet og det er særleg på Smøla at denne produksjonen har noko omfang.

Særleg små bruk som har vore drevne av eldre brukarar er dei siste åra gått ut av drift. Likevel har ikkje nedleggjinga av bruka ført til at så mykje areal har gått ut av produksjon. Over 80 % av desse areala er forststett dreve gjennom bortleige eller overteke av andre som tilleggsjord.

Det er regionale skilnader i nedleggingsmønsteret innan fylket. På Sunnmøre er ei overvekt av eldre brukarar som legg ned produksjonen på relativt små bruk, medan det på Nordmøre og i Romsdal også er eit betydeleg antal yngre brukarar som vel å legge ned drifta (Landbruk 2000). I kommunar med høg arbeidsløyse er nedleggingstakta størst. Det ser difor ut til at arbeidsmarknaden mellom anna spelar ei viktig rolle for å oppretthalde bruka som sjølvstendige einingar.

Kysten

Den yste kyststripa er eit samansett landskap med talrike øyer, holmer og skjer. I dei yste kyststroka er jordbruksområda i hovudsak konsentret til strandflata, men karakteristisk og viktig for Møre og Romsdal er dei store lyng- og grasheiene som er nytta til utmarksbeite i ytre kyststrok, særskilt i sørlege delar av fylket. I mange av desse områda har det vore dreve kontinuerleg beiting langt tilbake i tida. I nord er landskapet meir nakent og er ikkje lengre så intensivt utnytta til beite som tidlegare.

Frå gammalt av har næringsvegen på kysten vore kombinasjonen fiske og jordbruk. Bruka har jamnt over vore små med unntak på dei mest produktive strandflatene. Ved sida av mjølkeproduksjon er sauehald viktig. Busetnaden er for kystområdet tettast rundt byane Ålesund og Kristiansund.

Heile kyststripa er rik på fornminne. Særskild i den samanheng er Averøy med spor etter Fosnakulturen. Karakteristisk er og dei mange gravrøysane langs med kysten. Elles finn ein tradisjonelle vestlandhus i sør og i nordlege delar hus av trønderlån-typen. I dag ligg det fleire nedlagte fiskever langs kysten, Bjørnsund og Grip er døme på dette.

Viktige kulturmarkstypar på kysten:

Kalkrike lyng- og grasheiar.

Myrer nytta til torvtaking.

Fiskeberg- og rullesteinsstrender nytta til tørking av fisk.
Slåtte-enger (slåttemark eller store strandenger).

Midtre fjordstrøk

Landskapet er variert med sterke kontrastar og vekslar mellom breie og smale fjordar med høge fjell. Fjordområde som manglar strandflate stuper rett ned i sjøen og i sørvendte lier finn ein mange stadar rasliar med varmekjær edellauvskog. Jordbruket er konsentrert til banda langs med fjordane og i dalbotnene.

Karakteristisk for midtre fjordstrøk er varme somrar og kjølege vintrar og mykje nedbør. Det er vanleg med mellomstore bruk og mange ligg i bratte lier. Dei siste 40 åra har det vor dreve skogreisning med planting av mykje gran. Jordbrukslandskapet er vidare prega av store kulturer og beitehagar og varmekjære lier med hasselskog og andre varmekjære artar. Det er få tradisjonelle slåtteengar igjen i dag.

I Romsdal var det meir hagedyrking enn elles i landet tidleg på 1800-talet. Molde er den einaste byen i midtre fjordstrøk, men busettingsmønsteret er prega av å ha mange bygdesentra og mindre tettstadar og elles spreidd busetting.

Jordbruksbusettinga går langt tilbake til jernalderen og også enno lengre tilbake i tid. Ei mengd spor etter eldre driftsformar finst som steingardar, åkerterrassar, rydningsrøyser. Særleg i dei nordlege delane av fylket har husmannsvesenet spela ei viktig rolle. Den eldre bustadutforminga er i sør prega av dei vestlandske tradisjonane, d.v.s. hus med liggande panel og rekketun, medan det i midtre og dei nordlege delane av fylke er prega av trøndersk byggestil med ståande panel og, frå gammalt av, firkanttun.

Indre fjordstrøk

Områda som tilhøyrrer indre fjordstrøk består av dei indre fjordarmene og dalane. Dei indre fjordstrøka er ofte dramatisk i si utforming med stupbratte fjell, trange fjordar med fossar og kulturlandskap med busetnad. Men også desse områda varierar mykje i utforming.

Klimaet har mindre nedbør enn for midtre fjordstrøk. og kan vere relativt tørt. Karakteristisk i kulturlandskapet er opne åkrar, kulturer, frukt- og beitehagar, og tørketolande furu og lauvskog.

I Norddal vart det drive fruktdyrking allereie i 1760-åra (Fylkeshist 2).

Det produktive skogarealet i fylket er etter landbrukstellinga i 1989, 2,77 mill dekar på eigedomar med meir enn 25 dekar produktivt skogareal. Fordelinga av arealet er : barskog med omlag 1.4 mill dekar og lauvskog med omlag 1.3 mill dekar.

Dei største skogeigedomane er lokalisert til indre delar av fylket med eit tyngdepunkt på Nordmøre.

Fjellområda

Fjellområda omfattar ulike landskapstypar og består av den øvste skogsona til dei opne viddene. Møre og Romsdal har lite areal med flate fjellvidder samanlikna med dei tre andre vestlandsfylka.

Klimaet er svakt kontinentalt og kjøleg. I vest er det mykje nedbør, dette avtar mot aust. Fjellgardar og setergrender med setervollar, engar og beitemarker er karakteristiske kulturlandskapselement. Ein del seterområde i fjellet utgjer og store areal og er og har vore viktige område for ivaretaking av eit biologisk mangfald samtidig som ressursane i utmarka har vore nytta.

Markaslåtten og seterbruket var to av grunnpilarane for det gamle jordbruket. Den ekstensive forsankinga i fjell og fjøre hadde sitt høgdepunkt i midten av 1800-talet og vart gradvis avslutta utover på 1900-talet.

Det meste av krøtterforet vart henta i utmarka frå fjell og fjøre. Dette arbeidet vart drive heile sommaren til langt utpå hausten. Todalen, Surnadal og Rindal er dei bygdene på Nordmøre som har dei rikaste tradisjonane når det gjeld markaslått.

Fjellområda var på midten av 1800-talet utnytta til beite, forsanking og vedhogging og skoggrensa vart i mange område senka 500 m p.g.a. hogst. I dag er det få setrar igjen i drift. Dei fleste som nyttast er tilpassa moderne driftsformar og ein del nydyrking har skjedd i desse områda. Fortsatt nyttast fjellbeite til sau.

I fjellområda er det fleire stadar spor etter gamle ferdselsårar, restar etter fangstanlegg og dyregravar.

I dag nyttast fjellområda i stor grad til friluftsliv og turisme. I fleire fjellområde er det gjort store inngrep knytta til vassdragsregulering og kraftutbygging.

TRUSLAR

Det er store endringar i landbruket i dag. Jordbruket sitt kulturlandskap har dei siste åra vore utsett for nedlegging med gjengroing, tilplanting av skog eller intensivering av drifta med fulldyrking og stor bruk av kunstgjødsel og samanslåing av mindre åkerlappar til større areal med monokulturdyrking. Landskapet har såleis endra karakter og mange av dei gamle kulturmarkstypane er i ferd med å forsvinne heilt frå landskapet.

I det gamle kulturlandskapet hadde ein del dyre- og planteartar tilhaldstad i spesielle biotopar som slåttemarker, naturbeitemarker med grøftekantar og steingjerde m.m.. Brakklegging av av desse gamle kulturmarkene og modernisering av bruken har ført til at mange plante- og dyreartar er blitt borte eller står i fare for å bli det.

Dei store utmarksbeita som dei siste 20 åra ikkje har vore i bruk har gjort at grensa mellom innmark og utmark er i stor grad flytta. Før, mens utmarka vart nytta til beite, var det ein mellomsone mellom innmark og utmark.

HISTORIKK

Jordbruket i Romsdals amt i 1830-40-åra var inne i ein langsam endringsprosess. Fram til midten av 1800-talet var teigblanding utbreidd spesielt på Vestlandet. Jordfelleskap var eit innvikla eigartilhøve til jorda. Teigblandinga innebar at gardbrukaren ikkje hadde sin eigen jordeigedom i eitt stykke, men at han eigde mange mindre teigar inne i mellom teigane til andre brukarar. Teigblandinga var mest utbreidd på Sunnmøre. Denne oppdelinga hindra bruk av nyare driftsformar som bruk av hest som trekk-kraft.

Teigblandinga var svært uheldig for omstillinga i jordbruket. Ei lov om utskifting vart utforma. På Landbruksmøtet i Molde i 1853 fekk ein i gang arbeidet med utskiftingslova som kom i 1857. Denne lova innførte statsstønad til utflytting av hus som måtte rivast p.g.a. uskifting. Fagkunnige folk skulle tilsettast som utskiftingsmenn.

Utskiftinga av dei teigdelte gardane frå 1860 åra var ei svært viktig reform som skapte føresetnad for driftsendringar. Potetproduksjonen og nye reiskapar vart tatt i bruk. Jorda vart betre drenert og gjødsla, hjulreiskapar avløyste etter kvart sledene. Meiverivesenet ekspanderte i 1880-åra med smøreksport til England og med dette starta salsjordbruket.

Setrane låg stort sett i fjellet frå omlag 170 til nærare 1000 m o.h. Sist på 1800-talet vart omlag ein femtedel av all mjølka i Romsdals amt produsert på setrane. Samanlikna med dei andre amta på Vestlandet var dette mykje, berre i Hardanger og i Sogn og Fjordane låg dei høgare.

Setring var vanleg i Romsdals amt, men mindre enn halvparten av alle gardane hadde seter. Det var fleire kommunar som ikkje hadde setring i det heile. Dette var kystkommunane Sande, Aukra, Sandøy, Bud, Kvernes, Frei og Smøla på Nordmøre.

Setrane varierte mykje i storleik og utsjånad. I dei nordlegaste fogderia var det helst lafta seterhus og på Sunnmøre meir blanding av reisverk og bordkledning. På Nordmøre og i Romsdal var seterhusa gjennomgåande større enn på Sunnmøre. Dette fordi det var lettare tilgang på bygningsmateriale i den nordlege delen av amtet enn i sør. På Sunnmøre var det vanlegare å leige jord enn i Romsdal og på Nordmøre.

Å drive fiske ga mykje meir heider og prestisje i kystbygdene enn anna arbeid. Jordbruket har likevel vore hovudnæringa i lange tider. Når fiske ikkje slo til var det jorda som berga folk.

På Nordmøre og dels i Romsdal måtte fiskerane inngå avtalar som innebar plikt til å selje til væreigar. Sunnmørsfiskarane tilverka fisken dei fanga og selde den sjølv. Nordmørsfiskaren måtte levere fisken i rå tilstand til væreigaren slik at han fikk inntekta av tilverkinga. Sunnmøringane hadde mange stadar dei drog ut på fiske i frå, såkalla utror. Det var vanskeleg å kontrollere fiskeomsettinga der. På Nordmøre var det ikkje mange frie vær og omlag 86 % av alle fiskarane var under værtvang i 1870-åra.

KJELDER

- Døssland, A. 1990. Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal I 1671-1835.
 Tvinnereim, J. 1992. Grotid i grenseland. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal II 1835-1920.
 Rabben, B. 1992. Folk ved havet. Fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal I og II. Utgjevar: Sunnmøre Fiskarlag og Romsdal fiskarlag.
 Stokke, M. 1994. Kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Litterarturoppg. NLH.
 Landbruk 2000. Landbruket i Møre og Romsdal mot år 2000. Hovudrapport frå ei utgreiing i regi av Fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal. 1990. ISBN 82-90393-34-2

3. Landskapsregionar i Møre og Romsdal.

(Etter NIJOS upubl. 1993)

Natur- og kulturlandskapet i Møre og Romsdal er svært variert. Fleire inndelingar av landskapet i Norden og Noreg er laga. I dette prosjektet har det vore føremålstenleg å bruke inndelinga av landskapsregionar (foreløpig inndeling NIJOS 1993) ved utveljing av område. Nedanfor følgjer ei omtale av kvar hovudlandskapsregion som er representert i Møre og Romsdal

Det er i alt 9 landskapsregionar i Møre og Romsdal (Fig. 1).

Landskapsregion 14: Sør-Noregs fjellskog

Landskapkarakteren er prega av rolege terrengformer, lysopne skogar og vide utsyn. Vegetasjonen er dominert av bjørkeskog, og dels glissen barskog. Regionen ligg stort sett utanfor sona for fast busetting og har frå gammalt av vore hovudområdet for seterbruk. Beitepress og vedhogst har senka skoggrensa i seterregionene ned til 500 m. I dag er skogen på veg opp att etter at det meste av seterbruket er lagt ned og går no opp til 1200 meters høgde.

Landskapsregion 15: Sør- Norges lågfjellsregion

Hit reknast fjelltraktene frå skoggrensa og opp til 1500 m o.h.. Dette er ei samlegruppe som omfattar mange ulike landskapstypar. Tre hovudtypar kan skiljast ut: Overgangen til høgfjellsregionen, dei store opne viddane og forfjellsona mot lavareliggande fjord- og dalstrokk.

Vegetasjonen er prega av blåbærhei og vierkratt. Bakkemyrar er vanlege på Vestlandet. Spor etter jakt, fangst og anna utmarksbruk frå eldre tider er vanlege. Beiting og vedhogst har pressa skoggrensa nedover. Turisttrafikken og friluftslivet er sterkt utvikla i moderne tid. Av inngrep så har vasskraftutbygging vore omfattande i denne landskapsregionen.

Landskapsregion 16: Sør-Noregs høgfjellsregion

Fjelltrakter med høgde over ca. 1500 m o.h. tilhøyrer denne regionen. Landforma vekslar mellom høge tinder, skarpe kammar og breie platå med bratte fjellsider til område med rolege, avrunda former. Botnbreiar, urer og blokkmark er karakteristiske trekk. I lavare strøk dominerar grashei- og snøleiesamfunn. Høgere opp manglar karplantene samanhengande dekke. Mosematter og lav dominerar her. Regionen er utan busetnad med unntak av nokre turisthytter. Trollstigvegen ligg i denne sona.

Landskapsregion 20: Vestlandets kystbygder.

Den lave strandflatetopografien med ein nestan samanhengande brem av skjergard er typisk for regionen. I nordre del vert strandflata brudt av store kystklippar. Terrenget er oppstykkka. Jordekket består av marine avsettingar, morene og myr, og er for det meste grunnlendt. Klimaet er kjøleg, oseanisk med ekstrem mild vinter. Nedbøren er ikkje stor, men den kjem jamnt. Store delar av regionen er dekkja av fattig lyngheivegetasjon med innvandring av bjørke- og furuskog.

Busettinga har lang kontinuitet bakover til jernalder, bronse- og steinalder. Bruka er for det meste små, og har frå gammalt vore basert på kombinasjon av fiske og jordbruk. Husmannsvesenet har vore lite utbredt. I dag er yrkeskombinasjon med industri vanleg.

Tilhøva vekslar sterkt. Engbruk, mjølkeproduksjon og sauehald utgjer tyngda av jordbruket. Torvmyrer og lynghei ligg som restar av gammal kulturmark.

Kystsona har rike fornminneområde. Innslag av av tradisjonell vestlandsbusetting med sjøhus, naust, handels- og gjestgivarstadar og restar etter klyngetun finst.

Landskapsregion 21: Vestlandets ytre fjordbygder.

Regionen følgjer kystregionen og strekk seg frå ytre Ryfylke til Sunnmøre. Ein klår regiongrense går mellom Skodje på Sunnmøre og Vestnes i Romsdal. Her sluttar Vestlandet naturgeografisk og kulturelt.

I nordre område er berggrunnen hodudsakleg gneis. Klimaet er oseanisk og det regner ofte, men ikkje så mykje og kraftig som lengre inn i fjordane. I nord er lyngdominert bjørke- og furuskog vanleg.

Jordbruksbusettinga går tilbake til bronsealder og var fullt utvikla i jernalderen. Fjordbygdene har betre jord og rikare tilgang på skog. Bruka er for det meste små.

Landskapsregion 22: Vestlandets midtre fjordbygder.

Dette er ein stor og omveksland region som strekk seg frå indre Ryfylke til Sunndalsøra i Romsdal. Regionen utgjer i grove trekk eit belte mellom fjordmunningane og fjellregionen. Dei midtre fjordbygdene på Sunnmøre og i Romsdal har ein sterkt oppbrutt topografi og utgjer ein alpin underregion. Klimaet er oseanisk med dei største nedbørsmengdane i landet. I sørlege strok er edellauvskogen ofte velutvikla.

Jordbruksbusettinga går tilbake til bronsealder og var fullt utvikla i jernalderen. Husdyrproduksjonen dominerar med sauehald og melkekyr. Mange bruk er brattlendte. Skogreisning med planting av gran har hatt stort omfang. Busettinga er spredt. Fornminneområde og spor etter drifts- og dyrkingsformar gjennom ulike epokar er typiske innslag, til dømes rydningsrøyser, åkerterrassar, steingardar. Steinhus er karakteristisk for fleire distrikt. Gardsbebyggelsen er av vestlandstype med regionale variasjonar.

Landskapsregion 23: Indre vestlandsbygder.

Hit reknast Vestlandets indre fjord- og dalbygder, med unntak av Voss. Regionen består av separate geografiske område omkransa av samanhengande fjellmassiver med ulike regionale særdrag.

Berggrunn og terrengform viser nær samanheng med region 22, men indre fjordar og U-dalar har ein sterkare markert topografi med større høgdeskilnadar. Alpinformar og botntopografi er vanleg frå indre Sognefjord over indre Nordfjord til Romsdal. Lausmasseavsetningar og skredjord ved foten av liene og skiferrik morenejord gjev produktivt jordsmonn. Klimaet skil regionen sterkast frå tilgrensande område, med svakt kontinentalt klima med milde vintrar og relativt varm sommar og moderat nedbør. Vegetasjonen er dominert av furuskog, med edellauvskog i lune lier.

Busettingshistoria er som for region 22. Fruktdyrkinga er med få unntak eit særpreg for området og har tradisjonar frå middelaldaren. Stranda og Norddal på Sunnmøre er verdas nordlegaste fruktbygder. Utanom dei varmaste og mest solrike lisonane er det

storfe- og sauehald som er det viktigaste i jordbruket. Dei indre dalbygdene har fjellbygdkarakter, med delvis geitehald.

Gammal kulturmark, k med slåtteeuger, lauvingslier med styvingstre, einerbakkar og andre hagemarkstypar m.v. er bevart og delvis i bruk i fleire bygder, med indre Sogn som kjerneområde. Turisme og hoteldrift er viktig i heile regionen. Elles er regionen spredtbygd med einskilde tett befolka strandstadar og eit par industristadar med kraftkrevjande industri. Busetnad og andre kulturspor er i hovudtrekk av samme type som region 22. Karakteristisk er fjellhyllgardar i indre fjordarmar og dalføre.

Vestlandets indre fjordstrøk er klassiske turistmål i Noreg. Samspelet mellom ruvande fjell og fjordar, fossar og brear og kulturlandskap med frukthagar og bustadar gir inntrykksrike og dramatiske kontrastar.

Landskapsregion 25: Trøndelags og Nordmøres kystbygder.

Hit reknast kyststrekninga frå Moldefjorden til Vega.

Dette er eit ope kystlandskap med tallrike øyar og vidt utsyn.

Berggunnen er overveiande gneis med kaledonsk skifer lengst nord. Ytre dalar er eit strandflatelandskap med skjærgard. Indre delar har bølga åsterreng, oppdelt av fjordar og sund. Klimaet er kjøleg oseanisk. Mykje av området er bart fjell, og vegetasjonen er prega av atlantiske myrtypar med bjørke- og furuskog på mindre vindutsatte stadar.

Jordbruksbusettinga har røter tilbake til yngre steinalder. Kombinasjonsbruk med fiske, der fiske ofte har vore hovudnæring, har vore forusetting frå gammalt av. Bruka er stort sett små med hovudvekt på engbruk og mjølkeproduksjon. Bygdene ytterst i Trondheimsfjorden dannar med unntak større åkerareal og korndyrking. Her fanst og godssdannelsar og storgardar i eldre tid. Kristiansund er den einaste bydanninga i regionen. Gamle fiskevær ligg i den ytre øygarden. I dag er fleire lagt ned. Busettinga er elles spreidd.

Omfattande fornminnefelt og gammalt kulturlandskap finst over heile kyststrekninga. Tettbygde fiskevær med sjøhus og naustklynger er karakteristisk for ytre strøk. Gardsbusettinga omfattar både rekketun- og firkanttunformer. Torvmyr og lynghei viser gamalt utmarksbruk.

Landskapsregion 26: Fjordbygder i Møre og Trøndelag.

Regionen må oppfattast som ein samleregion for fleire ulike landskapstypar og strekk seg frå Romsdalsfjorden til Bindal i Nordland.

For det meste er det eit typisk fjordlandskap med markerte landskapsrom avgrensa av brattlendte, skogkledde liar og med jordbruksland som samanhengande band eller atskilte felt langs fjord og dalbotn.

Berggrunnen er hovudsakleg gneis med eit skiferbelte nord for Trondheimsfjorden og kaledonsk skifer og granitt lengst nord. Landforma er eit oppbrudt forfjellsterreng med dei dypaste fjordane i sør og nord, der regionen grensar til alpíne fjell. Lausavsetningar i dalbotnene og ofte moreneterrassar i indre delar av fjordane er karakteristisk. Klimaet er kjøleg oseanisk til svakt kontinentalt. Vegetasjonen sørvest for Trondheimsfjorden er

prega av furu- og bjørkeskog. Lenger nord går granskogen ut til kysten. Myrområda er utbreidd. Edellauvskog finst, med naturleg nordgrense for eik på Nordmøre.

Busettinga er for det meste konsentrert i bygder. Mange med busetting frå jernalderen og tildels noko eldre. Mellomstore bruk er vanleg. Husmannsvesenet spilte ein viktig rolle tidlegare, særleg i sørvestre delar. Einskilde bygder har korndyrking, men storfekald og mjølkeproduksjon er viktigaste driftsform. Utanom byane Molde og Namsos er det karakteristiske i regionen landsbygdar med ein-skilde mindre tettstadar i sørvestre del og elles spredt busetting.

Gravfelt og andre fornminne er markante innslag mange stadar, likeeins middelalderkirker. I sørvest viser den tradisjonelle byggeskikken overgang til vestnorske typar. I det resterande er trøndersk byggeskikk dominerande. Rekketun finst på Nordmøre og i Romsdalsbygdene, elles er det trønderske firkanttunet vanleg.

Landskapsregion 28: Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag.

Regionen omfattar fjelltraktane frå skoggrensa og opp til ca. 1500 m o.h.. Det er mange ulike landskapstypar innafør regionen.

Området høyrer til den kaledonske berggrunnen, men variasjonene er store. Skifre av kambro-silurisk opphav har stor utbreiing. Terrengetypen er forfjell med markerte dalføre. Dalbotnen har ofte store lausavsettingar. Skiferhaldige morene er dominerande jordart. Klimaet er svakt kontinentalt, og granskog dekker store område, med bjørkebelte i overgangen mot fjellet.

Jordbruksbusettinga var i stor utstrekking etablert allereie i jernalderen. Husmannsvesenet har delvis hatt stor tyding. Mellomstore og små bruk dominerar. Mjølkeproduksjonen er den overveiande driftsformen, kombinert med korndyrking i nedre bygder.

Dei sørlege fjellbygdene har gode fjellbeiter og sauehald er viktig. I Oppdal er det stor turisttrafikk. Regionen har spreidd busetnad med ubebodde strekningar. I høgareliggande strøk er det spor etter omfattande sæterdrift og myrslåttar i utmarka.

Fornminne med m.a. jernvinnelandskap er framtrédande i regionen. Tradisjonell trøndersk trearkitektur er karakteristiske særdrag.

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000

SONEINDELING
LANDSKAPSREGIONAR
ETTER NIJOS 1992 (upubl.)




Fig. 1 Landskapsregionar i Møre og Romsdal (Etter NIOS, 1992)



Liggett av NIOS kartverk
Fylkeskartverket - Møre og Romsdal

4. Oversikt over registrerte område

Det er til saman registrert omlag 40 område i Møre og Romsdal. Dei fleste landskapsregionane er representert. Årsaka til at det manglar registrerte område i landskapsregion 14,15 og 16, er at sonene omfattar i hovudsak større fjellområde.

Dei fleste av kommunane i Møre og Romsdal er representert i registreringane. Likevel er det viktige område som ikkje er kome med i denne omgangen. Dei kommunane som ikkje er representert med registreringar er følgjande: Eide, Frei, Kristiansund, Norddal, Skodje, Sula, Sykkylven, Tustna, Vanylven, Ørskog og Ålesund. Årsaka til at det ikkje er gjort vidare registreringar i desse kommunane skyldast i vesentleg grad begrensa kapasitet og at prosjektet er lagt opp til å famne meir enn det som har vore mogleg innafor den økonomiske ramma som har vore til rådvelde. Det må difor poengterast at det er viktig at område i desse kommunane vert registrert i det vidare arbeidet.

KOMMUNEOVERSIKT OVER REGISTRERTE OMRÅDE

<u>Kommune</u>	<u>Område</u>	<u>Kartblad</u>	<u>Kort beskriving</u>
Aure	Todalen	1421 III	Dalføre i indre del av Nordmøre. Spesielt harmonisk landskap. Moderne jordbruksdrift.
Averøy	Litl-Lauvøya	1323 III	Lita øy med sauebeite.
Fræna	Hustadvika	1220 I	Kyststripe med storhavet rett på. Eldre bruk i drift med lang kontinuitet. Interessant slåtteng.
Giske	Alnes	1119 I	
Gjemnes	Gagnat	1320 I	Heilheitleg gardsområde med ei spesielt interessant einerbakke nytta til beiting. Særleg verdifull m.o.t. sopp på kulturmark.
Halsa	Engdal/Rodal	1421 III 1421 II	To dalføre med området i mellom. Rodalssetra og Engdalssetra interessant og i god stand. Uberørt strandsone
	Valsøya/Otnes	1421 III	Vestsida av Valsøya er eit vakkert, variert og opplevingsrikt kulturlandskap med ulike kulturmarkstyper. Gamle tun og naust.
	Kuvika		Husmannsplassar i rik edellaavskogsli.
Haram	Ulla	1120 II 1220 III	Ulla fyr, særprega kystlandskap med lynghei beita av sau, freda naust, garsdstun
Hareid	Kvitnes	1119 I	Utmarksbeite for sau, bunkersanlegg frå siste verdskrig, utfartsområde.
Herøy	Runde	1119 IV	Trelause beitemarkar med kulturminne og fornminne på Goksøyr.
	Mulevika	1119 I	Største grasheilokaliteten (lynghei) som er registrert i denne undersøkinga.
Midsund	Tautra		Særprega øy med mange kulturmarks-typar, eldre busetnad og fornminne.
Molde	Nesje, Veøy, Sekken	1320 III	Historisk landskap m. mange fornminne.

<u>Kommune</u>	<u>Område</u>	<u>Kartblad</u>	<u>Kort beskriving</u>
Neset	Eikesdalen, Finnset, Vikesetra, Øverås	1320 II 1319 I 1419 IV	Dalføre i indre Romsdal med rasmark og varmekjære lier. Modere jordbruks-drift. Nasjonalt verdifulle hassel-lier og beitemarker. Eldre bustadhus.
	Buggestranda	1320 II	Bygd ved Eresfjorden i sørvendt li. Moderne jordbruksdrift. Vakkert landskap med helleristninger frå ca 1500 f.Kr.
Rauma	Romsdalen, Ulvådalen		Dalføre med spesiell topografi, opplevingsfylt, heilskapeleg landskap.
Rindal/ Surnadal	Almberg - Dalsegg	1421 II	Sør-austvendt dalside, vekslende mellom beitehagar, beitemark og lauvskog. Pila alm. Rikt på kulturminne.
Sandøy	Ona, Husøy	1220 IV	Fiskevær i ytre kystområde. Øybruk. Fortsatt busett.
Smøla	Kulij	1321 I	Gammalt kulturlandskap med historie bakover til vikingetida og steinalder.
	Joøya, Blåsvær, Buarnøya		Fråflytta øyar sør for Smøla med interessante soppforekomstar på gammal beitemark som fortsatt er beita av sau.
	Edøy		Stor øy søraust for Smøla. Gammalt kongssete. Moderne jordbruksdrift.
	Veidholmen	1322 II	Einaste levande fiskevær sør for Lofoten. Er fortsatt eit viktig fiskevær, men få spor etter beiting og slått. Tett busetnad med eigenarta bygningar.
Stordal	Dyrkorn	1219 I	Gammal industri- og jordbruksbygd med spesielt heilskapeleg preg. Moderne jordbruksdrift.
Stranda	Geiranger: Gjørva	1219 II	Variert og opplevingsrikt jordbrukslandskap i Geiranger. Skigardar, rydningsrøyser, fleire eldre bustadhus.
	Geiranger: Meråk	1219 II	Gardsdrift i Geiranger sentrum med frukthagar og slåtte-eng
	Geiranger: Westerås	1219 II	Fjellgard 320 mo.h.. Geitehald, gamle bygningar. Opplevingsrikt landskap.
	Geiranger: Møll	1219 II	Spesielt verneverdig klyngetun ved Ørnevegen. Mange kulturmarks-typar, artsrik flora. Geitedrift.
	Geiranger: Ljøen	1219 II	Fleire gardsbruk i varmekjær li. Storslått utsikt innover mot Geirangerfjorden. Kalkrik berggrunn, artsrik flora. Gamle bustadhus.
Sunddal	Grøvudalen	1419 I 1420 II	Fjellgardar og setrar i eit spesielt vakkert landskap. Artsrik flora knytt til eldre driftsformer.
	Jordalsgrend	1420 IV	Gamle slåttemarkar, spesielt stor artsrikdom for sopp.
Surnadal	Hammesfjorden	1420 IV	Ytre del av Hammesfjorden med israndsavsetningar og landbrukslandskap. Fleire eldre gardar.

<u>Kommune</u>	<u>Område</u>	<u>Kartblad</u>	<u>Kort beskriving</u>
	Solem	1421 II	Nordsida av Surnadalen med elve-terrasser. Høyløer oppe i liene som også nyttaset til beiting. Styva alm.
	Stangvik	1420 II	Bygd med gammel busetnad.
	Kalset	1421 III	Eldre gardsbruk med edellauvskog med trua arter. Tufter etter husmannsplassar.
Tingvoll	Eikrem Bergem	1321 II	Bygd med Europas nordlegaste eikeskog. Beitemark med m.a. grov nattfiol og slåtteeng på skjellsand. Rik flora med m.a. brudespore og villin.
	Kamsvåg Humberset	1119 II	Beitemark med m.a. grov nattfiol. Geitebeite.
	Mosdalen	1119 II	Dal nord for Ørsta sentrum, vekslende skog og kulturmark med kulturminne som m.a. steingardar, kvernhus.
	Masdal	1119 I	Lengre samanhengande område med spor etter eldre driftsformer.
	Sørheim	1119 II	Beitemarker med karakteristiske steingardar.

5. UTVALDE OG SÆRLEG VERDIFULLE KULTURLANDSKAPSOMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL.

Område	Kommune	Stikkord
<u>Landskapsregion 20: Vestlandets kystbygder.</u>		
1. Sandsøy, Riste	Sande	Kystlandskap.
2. Runde, Nerlandsøy	Herøy	Beitelandskap.
3. Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid	Herøy, Ulstein, Hareid	Kystlandskap.
4. Alnes	Giske	Beitelandskap m.m.
5. Skuløy, Haramsøy, ytre	Haram	Beitelandskap m.m.
<u>Landskapsregion 21: Vestlandets ytre fjordbygder.</u>		
6. Raudøya, Eiksund m.m.	Ørsta, Herøy, Ulstein.	Samansett småskala landskap.
<u>Landskapsregion 22: Vestlandets midtre fjordbygder.</u>		
7. Norangsfjorden-Norangsdalen	Stranda	Fjord- og seterdrift
8. Dyrkorn	Stordal	Heilskapeleg industri-samfunn.
9. Jordalsgrend	Sunnadal	Beitebakkar, slåtte-eng.
10. Øksendal	Sunnadal	Heilskapeleg bygde-landskap.
<u>Landskapsregion 23: Indre vestlandsbygder.</u>		
11. Geirangerfjorden.	Stranda	Fjord- og fjellgards-miljø.
12. Romsdalen.	Rauma	Dalføre med storslagen natur og harmonisk kultur-landskap med lang historie.
13. Eikesdal-Øverås	Neset	Særprega landbruks-landskap. Kjent p.g.a. Mardalsfossen, for prod. av hasselnøtter, pila alm, rik vegetasjon.
<u>Landskapsregion 25: Trøndelags og Nordmøres kystbygder.</u>		
14. Hustadvika-Atlanterhavsvegen.	Fræna, Eide, Averøy.	Kystlandskap
15. Øyer på Sør-Smøla.	Smøla	Øybruk
<u>Landskapsregion 26: Fjordbygder i Møre og Trøndelag.</u>		
16. Tautra	Midsund	Øy med heilskapeleg kulturlandskap.
17. Gangnat	Gjemnes	Einerbakke.
<u>Landskapsregion 28: Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag.</u>		
18. Grøvuassdraget. (Svisdal, Jenstad, Hafsås og Røymo)	Sunnadal	Fjellgardar, setergrender.
19. Nordmarka	Surnadal	Fjellgardar.

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000

NASJ: REGISTRERING AV VERDFULLE
KULTURLANDSKAP I MØRE OG ROMSDAL
1993-94.

Utvalgte område




Fig. 2 Oversyn over utvalgte kulturlandskapsområde i Møre og Romsdal

6. OMTALE AV DEI UTVALDE OMRÅDA.

(Rekkefølga av områda er ikkje rangert innbyrdes.)

6.1. SANDSØYA-RISTE

Kommune:	Sande
Kartblad M711/N50:	1119 III og IV
Landskapsregion:	20. Vestlandets kystbygder

OMRÅDESKILDRING

Sandsøya og Riste ligg i kystkommunen Sande på søre Sunnmøre med Stadthavet utanfor.

Sandsøya er ei øy på ca. 12 km² og har namn etter gardsnamnet Sande. Truleg har øya vore eitt gardsområde med namn etter sandfjæra på sørsida. På Nordre Sandsøy ligg Skyrfjellet, som består av lys gabbro. Det er segn om kvifor fjellet fekk den lyse fargen (Rabben, B. 1976). Forutan gabbro-området er Sandsøya dominert av gneis med innslag av marmor. På søre Sandsøy ligg Dollsteinen med sine 227 m o.h.. Her ligg ei 200 m djup og merkeleg fjellgrotte som det er knytta mange historiar til langt bakover i tida. Det er mange gravrøyser på øya.

Riste er ei øy på bortimot 800 da og ligg sørvest for Kvamsøy. Høgste punkt er 192 m o.h.. Øya er bratt på alle kantar, bortsett frå på nordaustpynten der støene ligg. Hamn finst ikkje. Øya vart fråflytta i 1964 (Grytten, H. og Dybvik, P. 1993), men vert fortsatt beita av sau på dei store grasslettene. Det står og nokre bustadhus på øya. Ein stiftelse "Ristes Vener" er oppretta for å ivareta kulturlandskapet med bustadhus på øya.

KULTURHISTORIE

Gamle Sandshamn var på 1600-talet ein stor handelsstad. Utover på 1800-talet fram til 1890 åra var Sandshamn eit vidkjendte fiskevær og midtpunkt for vårsildfiske på Sunnmøre. Fiskeværet hadde fiskerbustader for 1200 mann i storheitstida.

Torvtaking har vore den viktigaste brenselen før elektrisiteten kom. Tarebrenning har og vore ei viktig attåttnæring langt ut på 1900-talet.

Det finst sikre kjelder på at Riste var busett i 1520. Tidlegare veit ein ikkje sikkert. Øya har fram til 1776 stort sett hatt to bruk. Etter 1960 var det berre ein brukar fram til 1964 da dei siste som budde fast flytta frå øya (Grytten, H. og Dybvik, P. 1993). Historia syner gammal busetting der kombinasjonen jordbruk-fiske har vore næringsveg.

FUNN OG KOMMENTARAR

Område kring Ulandsvika, UTM: LQ 170085-17090

Lokaliteten ligg nord for Sandshamn på austre del av Sandsøya. Ulandsvika er som namnet tydar eit utmarksbeite (fig.3). Det ligg nordvendt, er ganske bratt, noko steinete, er ugjødsel, vert beita av sau og er i god hevd. Grashei dominerar. I tillegg har begge lokalitetane mange teikn på kalkhaldig jordsmonn.

Av karplantar er det funne raudsildre, gulsildre, loppstarr, gulstarr og svartknopp. I tillegg er det funne purpurlyng og dvergsmyle (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Den sistnemnde er ein konkurransesvak kystplante som truleg er favorisert ved beiting.

Av sopp vart det funne skjelljordtunge og vokssoppantar. Blant desse var ein sjeldsynt art *Hygrocybe splendidissima* som foretrekk eldgamle, godt hevda beitemarker (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

Område nord for Sandshamn UTM: LQ 173079-175085

Lokaliteten heng saman med førstnemnde lokalitet, er austvendt og ligg mellom Sandshamn og Kleiveneset. Dette er ei grashei som vert beita av sau og er i god hevd. Området er bratt (fig.4) med ein del stein og med eit flatare parti nede ved sjøen og vegen. Det var her og teikn på kalkhaldig jordsmonn ved at det m.a. vart funne ein del vill-lin (Jordal J. B. og Gaarder, G. 1993). Det er funne fleire sopp tilknytta beitemark som syner stort biologisk mangfald.

Fleire område på Sandsøy, Kvamsøy og Riste er blant lyngheiområda som er omtala i utreiinga kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag (Fremstad, E., Aarrestad, P.A. og Skogen, A. 1991). Lokaliteten Hornet (LQ 161-171081-087) på Sandsøy er ei av dei nordlegaste lyngheiene i landet med ei større mengd purpurlyng.

KONKLUSJON OG VIDARE ARBEID

Dei omtala lokalitetane på Sandsøya er av høg biologisk kvalitet. Området viser mange teikn til å innehalde kalkhaldig jordsmonn. Soppfunna, spesielt av *Hygrobe splendidissima* er med på å understreke at dette er av dei mest verdifulle kystkulturlandskap med omsyn til dei biologiske kvalitetane som er funne i Møre og Romsdal. Områda er i god hevd. Det er viktig å sikre fortsatt beiting.

Kulturlandskapsregistreringar på Riste vart feltsesongen-93 avlyst på grunn av dårleg ver i ulendt farvann. Ei registrering av dette området bør prioriterast i det vidare arbeidet.

Vidare bør det lagast ein oversikt over verdifulle kultur- og fornminne knytta til dei omtala områda.

KONFLIKTAR

Opphør eller endring av bruken av lyng- og grasheiområda er av dei største truslane i området.

KJELDER

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993 Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal.

Grytten, H. og Dybvik P. 1993. Øyde Øyar og Tause Tun. Utgitt av Sparebanken Møre.


Rabben, B.1976. Soga om Sande og Rovde. Sande sogenemnd.



ka på Sandsøy

Foto: John Bjarne Jordal





SANDSØYA-RISTE

Sande kommune, Møre og Romsdal Fylke

--- Områdegrenske kulturlandskap

Målestokk = 1:50000

Kartblad: 1119-3 (M711)
1119-4



Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.2. RUNDE-NERLANDSØY

Kommune:	Herøy
Kommunenr.:	1515
Kartblad M711/N50:	1119 IV Fosnavåg
Landskapsregion:	20. Vestlandets kystbygder.

OMRÅDESKILDRING

Runde og Nerlandsøy er av dei nordlegaste av Sørøyane vest for Ålesund. Øyane vart landfast med bru mellom Remøy og Runde i 1981. Runde og Nerlandsøy ligg i Herøy kommune. Herøy er ein øykommune på Sunnmørskysten midtvegs mellom Stad og Ålesund. Det er omlag 350 øyar, holmar og skjer i kommunen. Av desse er i dag åtte øyar busette. Alle dei busette øyane i Herøy er bundne saman av bruer. Dei mange øyane, holmane og skjera skapar eit vakkert og særmerkt landskap.

Runde er eit fiskevær med store lyngheier og har Noregs sørlegaste fuglefjell. Krykkja er den dominerande arten fulgt av lundefuglen. Fuglelivet på Runde vart freda i 1957, men i 1981 vart det vedteke nye vernereglar som omfattar geologi og botanikk. Området er eit nasjonalt og internasjonalt turistmål og er sterkt pressa.

Bergarten er migmatittisk/granittisk gneis. Jordsmonnet på Nerlandsøy og på Runde er relativt næringsfattig, men morene- og rasmateriale med god sigevasspåverknad kan gi stadvise gode næringstilhøve ved sida ei stor mengd fuglegjødsl.

KULTURHISTORIE

Namnet på kommunen, Herøy, skriv seg frå den vesle øya Herøy som tidlegare var eit geografisk midtpunkt, eldre kyrkjestad med kulturminne frå 1100-talet og handelsstad.

Runde fyr er den fjerde eldste fyrstasjonen i landet og er frå 1767. Det står enno restar etter eit gammalt vippefyr her.

Ved Nerlandsøybrua på Kvalsund, ligg funnstaden til Kvalsundbåtane som er datert til ca. 700 e.Kr. Desse er av dei eldste som er funne i Noreg.

FUNN OG KOMMENTARAR

Goksøyr (Runde). UTM: LQ 2524

Heile øya Runde er eit heilheitleg og særprega kulturlandskap i god hevd. Karakteristisk for øya er dei store, flotte gras- og lyngheiene og busettinga langs strandflata. I dag er drifta basert på mjølkeproduksjon og sauehald. På Goksøyr er det berre sauehald. Byggeskikken er stort sett einsarta og harmonisk.

Ovanfor bustadområda på Goksøyr og delvis langs med vegen sørover ligg trelause, kystprega beitemarker (fig. 5). Mykje av arealet overfor gardane er overflatelydda. Delar av området har vore gjødsla med noko kunstgjødsl. Likevel er dette sannsynleg område som har vore lite påverka av gjødsling.

Det er her funne soppartar som er typiske for gamle beitemarker på kysten. Ein sjeldan art, *Hygrocybe quieta*, ein art som på det tidspunkt den vart funne, hadde si nordgrense her. Seinare er den og funne på øyane på Sør-Smøla (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

Det som vart funne av sopp stod helst i bratte skråningar i tuer der det sannsynleg har vore lite gjødsla.

Når det gjeld karplantar så har purpurlyng (*Erica cinerea*) si nordgrense på søre Sunnmøre. Røsslyng er dominerande.

Den eldre busetnaden er godt ivaretatt og gir eit heilskapeleg preg (fig.4). Orkanen i 1991 tok fleire løer, murane står igjen. Oppe i liene står fleire flotte steingardar og terrasser. Gamlevegen til Runde er bevart. Ved sjøen ligg ei gammal naustrekke. Goksørgardane har ei historie langt bakover i tida.

Mulevika (Nerlandsøy). UTM: LQ 202184-205192

Namnet Nerlandsøy er eit nytt namn og skriv seg frå garden Nerland. Øya ligg nordaust for Skorpa. Mellom dei to øyane går Skorpesundet som er ei gammal utsegingslei for fiskarar. Øya består av mykje fjell og mange stadar stig fjellet bratt rett frå havet. Gardane ligg langs med strendene og frå Kvalsvik går det eit eid over til Mulevika.

I Mulevika er det den største lynghei/grasheilokaliteten som er med i denne registreringa (fig.6). Den vert beita av sau. Beietetrykket er i dag stort og lokaliteten er i god hevd. Røsslyng, einer m.m finst mest som ørsmå plantar på nokre få centimeters høgde. Ved enden av veggen og ned mot havet er det store grasområde med mykje finnskjegg. Ei rekke beitetilknytta plantar veks her, som til dømes knegras, engkvein, gulaks, kystmyrklegg, smalkjempe, øyentrøst, fjellmarikåpe og småengkall. Det er og funne sopp tilknytta beitemarka i eit usedvanleg høgt antal (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

Mulevika med omgjevnader er av dei omtala lyngheiområda i lyngheirrapporten (Fremstad E., Aarestad, P.A. og Skogen, A. 1991).

I området står ein gammal steinsatt sommarfjøs.

Undersøkingar med omsyn til sopp er og gjort på Myraneset (UTM: LQ 218123-222194) og Verpingsneset (UTM: LQ 235188-237190) (Jordal J.B og Gaarder, G. 1993). Fleire jordtungeartar vart m.a. funne her. I kombinasjon med dei andre undersøkte lokalitetane framstår nordre del av Nerlandsøya som særst interessant.

KONKLUSJON OG VIDARE ARBEID

Det viser seg at det på øyane Runde og Nerlandsøy er artsrike område med omsyn til karplantar og sopp som tyder på langvarig hevd. Vidare er områda rike på kulturminne og fornminne og dei har ei rik kulturhistorie. Områda er i dag viktige utfartsområde regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Runde utmerker seg særskilt som turistområde.

Registreringane syner at Mulevika på Nerlandsøy er særst verdifull p.g.a storleik, hevd og biologisk mangfald. Fleire registreringar i området stadfestar at nordre del av Nerlandsøya er eit område med særst høg biologisk verdi.

Noverande skjøtsel ser ut til å vere tilstrekkeleg i Mulevika og på Runde. Områda på Goksøy og i Mulevika bør for framtida vere sikra skjøtsel.

Vidare registreringar bør gjerast på øya Skorpa, sør for Runde. Øya er kjent for sine villgeiter og var ein viktig transportstad for englandsfararar under den siste verdskrigen. Øya vart fråflytta i 1970. Skriftelege kjelder om busette folk har ein frå 1520.

Ein hovudfagstudent i botanikk skal kartlegge vegetasjonen på Runde sommaren 1994. Gamle data skal etterprøvast.

KONFLIKTAR

Gjengroing ved eventuell opphør i beitedrifta er ein trussel for dei biologiske kvalitetane på staden.

På Goksøyr er det konflikt mellom lokalbefolkning og turistar då området i periodar er overfylt av tilreisande. Ein skjøtselsplan som sikrar dei eldre kulturlandskapselementa med biologisk mangfald, kulturminna og bebyggelsen bør lagast. Ei meir omfattande registrering av floraen på Goksøyr bør gjerast.

KJELDER

Fremstad, E., Aarrestad, P.A., Skogen, A.: Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA Utredning 029: 1-172.

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Rabben, B. Herøyboka. Gardar og folk I. Herøy sogelag. 1962.



Fig. 5. Goksøy, Runde.

Foto: Merete Stokke



Fig. 6. Mulevika, Nerlandsøy.




RUNDE-NERLANDSØY

Herøy kommune, Møre og Romsdal Fylke

Målestokk = 1:50000

Områdegrense kulturlandsk



Kartblad: 1119-4 (M711)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.3. FJORDLANDSKAPET I HERØY, ULSTEIN OG HAREID

Kommunar:	Herøy, Ulstein og Hareid
Kommunenr.	1515, 1516 og 1517
Kartblad M711/N50:	1119 I Ålesund
Landskapsregion:	20. Vestlandets kystbygder

OMRÅDESKILDRING

Området ligg sør for Ålesund og omfattar den såkalla " Grøne korridoren" med meire. Busetnaden finn ein stort sett langs dei smale bremmane av lågland langs sjøen i desse kommunane. Dette skaper eit stort sett samanhengande, kystorientert kulturlandskap medrekna busetnaden på øyane og i fjordlandskapet som for det avgrensa område omfattar kommunane Herøy, Ulstein og ein del av Hareid. I området (sjå kart) finn ein eit variert kystkulturlandskap med store naturfaglege og kulturelle verdiar (Notat Alv Ottar Folkestad 1993).

Berggrunnen i området er vekslende fordi det ligg i eit bergartskille mellom granodiorittisk gneis, rik på hornblende og biotitt, og granittisk gneis. Berggrunnen på *Borgarøy har årar av kalkstein og i Ulsteinvik inneheld berggrunnen av m.a. eklogitt.*

Heirområde ved Flø er blant dei omtala lyngheiområda i utgreiing om kystlyngheiområde (Fremstad, E., Aarrestad, P.A. og Skogen, A. 1991).

KULTURHISTORIE

På strandflata nordvest og vest for Ulstein ligg det godt til rette for jordbruk. Den gamle jorddyrkingsområda frå den eldste perioden ligg i stor grad konsentrert på terrassar langs med sjøen. Sambandet mellom sjøbruk, jordbruk og beitemark har vore nært knytta og pregar fortsatt busetnaden. I eldre tider var busetnaden ute på Fløstranda samla i store tun på Indrefløy, Midtfløy og Ytrefløy. I dag ligg busetnaden for det meste eit stykke frå sjøen. Området er rikt på fornminne det er ei mengd med gravrøyser og bautasteiner her. På Osnes i Ulsteinvik ligg ein av Vestlandets største gravhaugar. Det er mange steingjerde i området og fleire kvernhus ligg langs med Fløelva.

I dette omtala området ligg Flø fuglefredingsområde, freda i 1988.

FUNN OG KOMMENTARAR

Gotene, Flø

Dette er eit ope, hav-vendt beitelandskap aust for busetnaden på Ytre-Flø. Vestre delar er oppdyrka og er eit moderne drive jordbrukslandskap. Resten er framleis nytta som beite. Området som heilskap er eit vakkert jordbruksområde som fortsatt er godt utnytta. Det er mange fine steingjerder i området. Området er heilskapleg med klåre grenser mellom innmark og utmark. Plassering av gardstun og omgjevnader er harmonisk. Strandlinja er utan store inngrep og inneheld både sandstrender og rullesteinstrender. Landskapet er ope med havet rett på. Heilskapen i området er svært sårbar for inngrep. Området ligg nær Ulsteinvik og er eit potensiale for reiseliv.

I området Gotene-Flø er nokre lokalitetar undersøkt med omsyn til sopp på kulturmark (Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993). Området utmerka seg ikkje som spesielt verdifull med omsyn til biologisk mangfald utifrå desse registreringane, men det kan likevel ikkje utelukkast at det finst interessant flora i området.

Andre interessante kulturlandskapsområde er Gåsneset-Halseneset, Hasund-Garshol-Sundgot. Førstnemnde inneheld strandstrekningar med mange fornminne og kulturminne langs strandflatene. Stort sett gjeld dette områda mellom fylkesvegen og sjøen, men sør for Ulsteinhetta er det gamle kulturlandskapet intakt opp til fjellfoten ved Skokken. Lengre sør er områda langs Ulsteinelva interessante heilt opp til kraftverket i Ulsteindalen. Hasund- Garshol- Sundgot-området er av det mest samanhengande og heilskapelege kulturlandskapa i Ulstein kommune. Her ligg gamle og nye gardstun med moderne drift.

Dei nordlege øyområda i Ulstein og Herøy

Ei rekkje av småøyane i nordlege del av området har vore busette: Spjutøya, Borgarøya, Hatløya, Håkonsholmen, Vattøya og Herøya. Dei andre småholmane har og vore brukte og saman dannar dei eit kystkulturlandskap. Dimmaneset er og medrekna i dette landskapet.

Borgarøya

På Borgarøya ligg den gamle handelsstaden Hatløy som omfattar eit bruk på omlag 170 da. Av dette er over halvparten lynghei. Innmarka består for det meste av dyrka mark. *Ein del av øya er sikra som friområde.*

Handelsstaden med hovudbygning ligg lunt plassert i eit smalt sund på nordsida av øya. Bergarten på Borgarøya er samansett av eklogitt, granittisk gneis og kalkstein. Fleire stadar kjem kalksteinen til syne på overflata som bergknausar og ryggar (Hatløy, K.H. 1992).

Ulstein kommune har laga ein skjøtselsplan for kulturlandskapet på Borgarøya med forslag til framtidig status og forvaltning (Hatløy, K.H. 1992). Ein utførleg skildring av området med vegetasjonsanalyser m.m. er nemnd i rapporten.

Kvitnes, Hareid kommune UTM: LQ 4424-4524

Tyskerane bygde under siste verdskrig eit kystbatteri på Kvitnes. Det stod ferdig i 1942. I dag står det mange restar igjen etter dette. På sjølve Kvitneset var det eit gardsbruk med to,tre kyr, hest og nokre geiter fram til krigen. Garden vart nedlagt og fråflytta i samband med bygging av dei militære anlegga.

I dag vert området i hovudsak nytta til utfartsområde og som utmarksbeite for sau. Utmarksbeite har kystpreg og er i god hevd. Sør for neset finst einerbakkar under gjengroing med tette einerkratt. På neset og vestover på nordsida er det opne trelause beitemarker med stadvis noko grundlent jordsmonn over berga. Den konkurransesvake kystplanta, dvergsmyle, veks her. Den er truleg favorisert ved beiting . Med omsyn til sopp vart det funne tre jordtungeartar og ein sjeldsynt vokssopp, *Hygrobe splendidissima* (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Området som omfattar "Den grøne korridor" har først og framst verdi som heilskapeleg jordbrukslandskap med fornminne. Større område er busett og det vert dreve aktivt jordbruk. Området er svært sårbart for inngrep.

Kvitneset er ein grasheilokalitet på kysten som er i god hevd og sannsynleg har området vore brukt langt tilbake i tida. Funn av dvergsmyle og fleire beitemarksopp tyder på at området biologisk sett er svært verdifullt. Noverande skjøtsel er truleg tilstrekkeleg med

omsyn til dei biologiske verdiane her. I tillegg til dei biologiske kvalitetane har området verdi som turområde og som krigsminnesmerke.

Det er i området mange verdifulle kulturlandskapselement som ikkje er registrert og ein må for dette området oppmode til å gjere fleire registreringar. Området rundt Kvitneset bør undersøkast nærmare med omsyn til biologisk mangfald.

KONFLIKTAR

Det er planlagt eit bustadfelt på Fløstranda i ei av dei heilskapelege områda. Alle inngrep bør gjerast med største varsemnd for ikkje å øydeleggje den spesielle heilskapen i landskapet.

Dei biologiske kvalitetane vil verte trua ved eventuell opphør i beitedrifta på Kvitnes.

KJELDER

Bjåstad, I. 1970. Soga om Hareid og Ulstein. Den allmenne delen. Bind. 1.

Notat om krigsminnesmerker.

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Hatløy, K.H. 1992. Borgarøya i Ulstein kommune. Skjøtselsplan for kulturlandskapet og forslag til framtidig status og forvaltning.



Fig.6 Flø, Ulstein

Foto: Johannes Jensås



Fig. 7 Kvitnes, Hareid.



FJORDLANDSKAPET HERØY-ULSTEIN-HAREID
 Herøy, Hareid, Ulstein kommuner, Møre og Romsdal fylke

 Områdegrense kulturlandskap
 Målestokk = 1:50000
 500m
 1km 2km
 Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kartblad: 1119-1 (M711)



6.4 ALNES

Kommune:	Giske
Kommunenr.:	1532
Kartblad M711/N50:	1120 II Vigra
Landskapsregion:	20. Vestlandets kystbygder.

OMRÅDESKILDRING

Alnes ligg på nordvestsida av Godøy i Giske kommune, vest for Ålesund. Godøya vart bunde til fastlandet ved hjelp av bruer og tunnelar på midten av 1980-talet.

Bergrunnen

Nær bustadområdet på Alnes ligg ei av dei største grasheiene vi kjenner langs kysten av Møre og Romsdal. Området er framleis nytta til utmarksbeite. Mot vest går grasheia gradvis over i lyngdominerte område. Det meste av beitemarkene er ganske bratte, dei er trelause og har mykje gras og lite lyng. Den austre delen har noko meir stein og ur.

KULTURHISTORIE

Området har vore busett i lang tid. Hovudnæringa har gjennom tidene vore fiske og jordbruk. Vertilhøva har vore tøffe i området. På garden Alnes ytst på Godøya fekk dei nedsatt landskyld i 1680 åra p.g.a. øydeleggande havbrot og sandflukt som øydela avlinga (Døssland, A.1990).

Karakteristisk for området er Alnes fyr som vart avfolka og automatisert i 1982. Fyrlykta vart oppretta i 1852, og var da i privat eige (Bjørkhaug, B. og Poulsson, S.: Norges fyr). Seinare er fyret flytta til ein høgare plass på øya, tårnet vart høgare og fyrvoktarbolig vart bygd.

FUNN OG KOMMENTARAR

Alnes, UTM: LQ 430312-437317

Gras- og lyngheia på Alnes er undersøkt med omsyn til karplantar og sopp. Dei vanlegaste grasartane er finnskjegg, geitsvingel, gulaks og engkvein. Delane nærmast busetnaden er gjødsla og har innslag av engrapp. Det vart funne ei mengd sopp-arter knytta til gammal kulturmark (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Det vart til saman funne 15 vokssopparter og 4 jordtungearter, fleire av dei er sjeldsynte artar som vokssoppene *Hygrobe splendidissima* og *Hygrobe quiteta*, jordtungeartane dynetunge og vrangtunge, *Geoglossum atropurpureum*. Den fyrstnemnde er truleg ein karakterart for eldgamle , grasheiprega grasbeiter i god hevd og er funne på fleire lokalitetar ytst på Sunnmørskysten, men mest talrik på Alnes. Arten er funne nokre få stadar i Sverige og i Danmark og er før undersøkingane i Møre og Romsdal berre angitt frå ein lokalitet i Noreg (Jordal, J. og Gaarder, G 1993).

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Grasheia på Alnes er svært stor og er halde godt i hevd. Det vart gjort fleire svært sjeldsynte og interessante funn med omsyn til sopp på gammal kulturmark som tyder på at området har vore nytta frå svært lang tid tilbake. Av karplantar er det ikkje funne særskilt interessante artar. Området på Alnes bør arealavgrensast og sikrast riktig skjøtsel for framtida. Lokaliteten er ut i frå storleik og stort artsmangfald vurdert til å ha svært høg biologisk verdi i nasjonal samanheng.

Alnes fyr er eit karakteristisk kulturminne som har vore med på å gi området ein identitet og særpreg som det er viktig å ta vare på.

KONFLIKTAR

Endra bruk av området vil vere ein trussel for dei sjeldsynte artane og artsmangfaldet.

KJELDER

Bjørkhaug, B. og Poulsson, S.: Norges fyr

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i ein del naturbeitemarker og narurenger i Møre og Romsdal og Trøndelag.

Døssland, A. 1990. Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal 1.1671-1835.



Fig.8 Alnes fyr



Fig. 9 Gras- og lynghei på Alnes



ALNES

Giske kommune, Møre og Romsdal Fylke



Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000

Kartblad: 1119-1 (M711)

500m



Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.5 HARAMSØY OG SKULØY,- YTRE

Kommune:	Haram
Kommunenr.:	1534
Kartblad M711/N50:	1220 III Brattvåg
Landskapsregion:	20. Vestlandets kystbygder.

OMRÅDESKILDRING

Området er avgrensa til den ytre delen av Haramsøya og Skuløya. Haramsøya og Skuløya (også kalla Flemsøya) er ein del av Nordøyane og ligg nordvest for Ålesund. Landskapet er heilskapleg og særprega kystlandskap dominert av lynghei. Området er rikt på kulturminne med Ulla fyr, Ullahammaren, eit tidlegare fiskevær og handelsstad, Ullanausta (naustrekke med minst 100 år gamle naust) og Ullagarden, med restar av klyngetun. Det avgrensa området ligg ved Ullaholmen fuglefredingsområde.

Ulla fyr ligg på ein holme på nordsida av Haramsøya. Ei bru knytter holmen til Haramsøya.

Landskapet her er heilskapleg og særprega kystlandskap med vekselvis lynghei, bergknausar og beitebakkar. Karakteristisk for område er dei store strandflatane (gode skuleeksempel). Berggrunnen er samansett av ulike gneisbergartar.

KULTURHISTORIE

Området er rikt på kulturminne. Det har her vore sikker busetting frå 1400-1500-talet. Sannsynleg var det busetting her mykje tidlegare. Sist i 1760 åra tok Ulla seg særskild opp som fiskevær (Rabben, B. 1982). Det var vanleg at folk frå fjordbygdene leigde seg inn og rodde fisket om vinteren. Ullahammaren var truleg det største fiskeværet på Nøre Sunnmøre fram til det vart nedlagt i 1880-90-åra og her var plass til fleire hundre fiskarar under sildefiske. På 1800-talet var det handelsstad med brennvinutsal, tranbrenneri, skule, kai og sjøhus. Tre hus står no igjen her.

Ullanausta er ei naustrekke som ligg ved Ullagarden. Det som særpreger nausta er at dei er store og ligg i rekke. Nausta er av ulik alder og alle er over 100 år. Nokre av nausta vart skadd under orkanen i 1991 og har fått offentleg tilskott til vedlikehald.

Ulla fyr er eit særprega kulturminne og vart bygd første gong i 1873. Under siste verdskrig vart fyret bomba og fyr og bustad brant ned. I 1950 vart det bygd opp att og i 1975 vart det automatisert og avfolka (Bjørkhaug, B. og Poulsson, S. 1987).

FUNN OG KOMMENTARAR

Registrerte lokalitetar med omsyn til sopp og karplantar på kulturmark:

Halseberga (UTM: LQ 605542), Sandvika (UTM: LQ 599539), Husfjellet (UTM: LQ 588544), Kvernholmen (Ulla fyr) (UTM: LQ 551539), Kvernholmsundet (UTM: LQ 553536), Ulla (UTM: LQ 562532)

Halseberga og Sandvika

Halseberga og Sandvika ligg på nordaustsida av Skuløya, heilt ut mot havet og er undersøkt av Jordal og Gaarder (1993). Begge områda er utmarksbeite med fuktig

grashei. Lokalitetane er kupert og steinete og vert beita av sau og storfe. Beitetrykket er godt.

Nærast havet er det mykje skjellsand i jordsmonnet. Vegetasjonen var her kort og artsrik med kalkkrevande artar som vill-lin, fjellsmelle, raudsildre og gulsildre. Av sopp vart det funne spissvokssopp og russelærvokssopp. Desse er kalkindikatorartar. Mest interessant var funn av den sjeldsynte *Hygrocybe vitellina*. Den er kjent berre på tre andre lokalitetar i Noreg, finst truleg ikkje i Sverige og er sjeldan i Danmark. Vidare vart det funne gulgrønnette, ein sopp som tidlegare er funne på sanddynene på Lista (Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993). Området har eit klårt kalkinnslag med mange sjeldsynte artar av sopp knytta til beitemark. Området er vurdert som særleg verdifullt.

Kvernholmen (Ulla fyr). Fleire kalkindikatorartar av sopp veks her. Holmen er kupert og med mykje berg og vart beita av nokre sauer. Beitetrykket var lavt.

Kvernholmsundet.

Området er kupert, berglendt og trelaust og er beita av kalvar utover mot Kvernholmsundet (innafor Ulla fyr) på nordsida av Haramsøya. Beitetrykket er middels. Funn av bakkesøte, fjellsmelle, raudsildre, gulsildre, fjelltistel og melrøds-kivesopp tyder på kalkhaldig jordsmonn. Bakkesøte og melrøds-kivesopp er i tillegg beiteindikatorar (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Med omsyn til funn av sopp og karplantar knytta til naturbeitemarker er det vanskeleg å sei noko om kvaliteten på området.

Det vart ikkje funne stor artsrikdom ved registrering av dette området, men funn av den kalkkrevande melrøds-kivesoppen m.a. tyder på at lokaliteten har meir interessant å by på enn det som vart funne. Kalkhaldige beiteområde på kysten er uvanlege. Lokaliteten er meget interessant og bør undersøkast nærmare.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Det er mange kulturlandskapselement i området som gjer det særst interessant. Både kulturminne, vegetasjon og naturformer gjer området opplevingsrikt og særprega.

Med omsyn til dei biologiske verdiane skil området på nordaustsida av Skuløy seg ut med kalkkrevande plantar og sopp. Ei sandddominert kalkhaldig grashei ned mot fjæra er særleg spesiell. Beita kalkeng og -heier er ein vegetasjonstype som berre finst på små areal langs kysten. Funn av spesialiserte, kalkkrevande beitemarkssopp gjer området særst interessant og verdifullt.

Vidare botaniske undersøkingar knytta til kulturmarkane og kulturminna er naudsynt for å få oversikt over verdiane i området. Strekninga vidare utover mot Nogva, på nordaustsida av Skuløy bør undersøkast nærmare.

Noverande skjøtsel er truleg tilstrekkeleg på dei undersøkte grasheilokalitetane. Den største trusselen er opphør i beitedrifta og tilplanting av skogen. Området bør difor sikrast riktig skjøtsel. Ei vidare registrering av kulturminna i området bør og gjerast og nye inngrep tilpassast den eksisterande busetnaden.

KONFLIKTAR

Endra bruk av området vil vere ein trussel for dei sjeldsynte artane og artsmangfaldet.

KJELDER

- Rabben, B. 1982: Folk ved havet. Fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal I. Tida fram til 1900.. Norges fyr. Frå Stad til Grense-Jakobselv. Bind 2.
- Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Moen, A., Norderhaug, A. og Skogen, A. 1993. Håndbok i feltregistrering -viktige vegetasjonstyper i kulturlandskapet, Midt-Norge. Nasj. reg. av verdifulle kulturlandskap, Direktoratet for naturforvaltning.




Fig.10 Sandvika, Skuløy



Fig.11 Ulla fyr



SKULØY/HARAMSØY-YTRE
 Haram kommune, Møre og Romsdal Fylke



Områdegrense kulturlandskap

Kartblad: 1120-2 (M711)
 1220-3

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994

6.6 RAUDØYA - EIKSUND

Kommune:	Ørsta, Ulstein
Kommunenr.:	1520, 1516
Kartblad M711/N50:	1119 II
Landskapsregion:	21. Vestlandets ytre fjordbygder

OMRÅDESKILDRING

Området heng saman med område 5: Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid, men ligg i landskapsregion 21 som omfattar ytre fjordbygder. Eiksund ligg heilt sør i Ulstein kommune, på sørsida av Hareidlandet og Raudøya ligg ytst i Ørstafjorden i Ørsta kommune.

Eiksundbygda-Eika er eit område med særprega kulturlandskap med innslag av eik i skogvegetasjonen. Mest interessant i denne samanhengen er Selvågane-Havågane og Eiksund-Øygarden, medan midtre del av bygda har moderne bustadmiljø. Øya Eika på andre sida av Eiksundet høyrer naturleg med i dette kulturlandskapet. Dei fleste gardane her er fråflytta, men blir stort sett haldne i hevd. Alstranda nord for øygarden høyrde med til det opprinnelege kulturlandskapet og har vore brukt som beitemark, hasselskog og vedskog. Dette området er med i verneplanen for varmekjær lauvskog i Møre og Romsdal.

Raudøya er omlag 1,5 km lang og er nesten delt i to midt på. Øya har eit særleg vakkert kulturlandskap med ei typisk utforming for større øyar på Sunnmøre. Berggrunnen består for det meste av gneis. Høgste punkt er omlag 40 m. Namnet Raudøya er eit vanleg øynamn og kjem nok av ein raudaktig bergart (Grytten, H. og Dybvik, P.O. 1993).

KULTURHISTORIE

Dei eldste gardane i Ulstein lå m.a. i Eiksund og vert tidfesta til jernalderen. Eiksund har nok i nyare tid vorte delte i ei mengd mindre bruk innan det gamle gardsområdet (Bjåstad, I. 1970).

Det er funne ein del arkeologiske funn på Raudøya frå steinalderen. Frå 1603 har det vore samanhengande busetting på dei inste delane av øya. Dei siste flytta frå øya i 1955. I 1951 kom både elektrisiteten og telefon. Raudøyholmen som ligg like ved har og vore busett frå 1865 til 1916 (Grytten, H. og Dybvik, P.O 1993). På Raudholmen har det vore fyrlykt som dei busette på Raudøya passa langt utover på 1900-talet.

FUNN OG KOMMENTARAR

Raudøya

Øya er i dag fråflytta, men vert fortsatt beita av sau. Raudøya er særleg verdifull på grunn av store kristtornforekomstar og er eit ev områda i utkastet til verneplan for barlin og kristorn i Vest- Noreg, DN-rapport 1992-10. Dei største trea er over 10 m høge og det er registrert fleire hundre kristtorntré. Utanom kristtorn er furu og bjørk dominerande med innslag av osp, hassel, hegg, ask, svartor og morell. Grasmarkene vert ikkje slått lengre og beitetrykket frå sauene er alt for lavt. Eieren er i ferd med å dø ut p.g.a. attgroing, medan vivendel pregar skogen. Store delar av øya er lyngmark. I moldpartia er det innslag av jordnøtt, kusymre og fagerperikum. Nokre tre har vore lauva og har såleis utvikla ei kraftig stammeform .

På austsida ligg eit tidlegare beiteområde med einerkratt utafor eit stort steingjerde. I einerkrattet vart det funne nokre soppar knytta til kulturmark, men desse er trua av attgroing (Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993). Det er mange fine steingjerde rundt om på øya. Raudøya er eit viktig friluftsområde.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Det bør utførast fleire undersøkingar med omsyn til kulturmarkstypar og kulturminne både for Raudøya og Eiksund-området. For framtida er det viktig å halde områda i hevd ved lage ein skjøtselsplan der ein sikrar riktig bruk og forvaltning.

Det er funne mange kulturlandskapselement som er knytta til det eldre jordbruket. Heilskapen, vakker natur, store kristornforekomstar og gamle gardstun med mange steingjerde er karaktertrekk for Raudøya. På Eiksund er det m.a. gammal eikeskog som fortsatt er halde i god hevd.

KONFLIKTAR

Attgroing av kulturmarkane er ein trussel for landskapet og dei biologiske kvalitetane som finst på Raudøya. Det er og viktig at det ikkje vert planta gran på øya.

Planar for eit stort vegprosjekt i Eiksund-området er under utarbeiding. Dette kan vere i konflikt med kulturlandskapsverdiane i området.

KJELDER

Notat Alv Ottar Folkestad 1993.

DN-rapport 1992-10. Barlind og kristtorn i Vest-Norge.

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Grytten, H. og Dybvik, P.O. 1993. Øyde Øyar og Tause Tun.

Ingvar Bjåstad 1970: Soga om Ulstein og Hareid. Bygdebok for Hareid og Ulstein. Bind I.




Fig.12 Raudøya sett frå nord.



Fig.13 Einerkratt på Raudøya

Foto: John Bjarne Jordal



6.7 NORANGSFJORDEN - NORANGSDALEN

Kommune:	Ørsta
Kommunenr.:	1520
Kartblad M711/N50:	1219 III
Landskapsregion:	21. Vestlandets midtre fjordbygder

OMRÅDESKILDRING

Norangsdalen er ei forsetting av Norangsfjorden, ei arm av Hjørundfjorden på Sunnmøre. Norangsdalen er ein av dei villaste dalane i landet. Dalen er omringa av 1400-1700 m høge og stupbratte fjell.

Det ligg fleire setrar i dalen. Øvst ligg Gjeilskredvatn. I dette området er dalbotnen full av skredmateriale. Ved Uraset er steinhus bygd inn mellom store blokker og stein som vernar mot steinsprang og ras. Heile setra ligg på eit gammalt steinskred som vart avsatt for 3000-5000 år før notid (pers. med. Einar Anda). Det er gjort fleire geologiske undersøkingar i dalen. Stavbergsetra har og ei plassering som vernar husa frå ras og er plassert mellom rasviftene der dei tradisjonelle rasa går.

Langstøylvatnet lengre ned vart danna i 1908 ved eit skred som gikk frå fjellet Keipen sør for vatnet. Vollen der garden Norang hadde seter vart da satt under vatn. Enno kan ein sjå restar av hustuftene i vatnet.

KULTURHISTORIE

Setrene i Norangsdalen vart bygde på midten av 1800-talet. I denne perioden var seterdrifta på det mest intensive.

Nede ved Norangsfjorden ligg bygda Øye. Dette området har vore eit fjelltur- og klatrarsentrum for Sunnmøre med lang tradisjon. Øye hotell er eit gammalt, godt bevart sveiterhus bygd i 1884. På Øye var det i slutten av 1800-talet ein skysstasjon. Kongefølgjet vitja dalen og området på si ferd i 1993.

FUNN OG KOMMENTARAR

Norangsdalen

Området er fortsatt nytta til sauebeite. Det er spor etter den gamle vegen som gikk gjennom dalen og ei steinbru, Lysholbrua, i god hevd, bygd i 1839, står øvst i dalen. Nokre av dei gamle seterhusa står fortsatt.

Ved synfaring vart vi overraska av tidleg snøfall. Det er difor ikkje gjort botaniske vurderingar i området.

Stennes UTM: LP 7498-7598

Lokaliteten omfattar eit stort trelaust geite- og sauebeite i rasmarkene knytta til gardane Stenes som ligg på sørsida av Norangsfjorden. Beiteområda har i dag eit godt beitetrykk og strekk seg over eit område på omlag 5 km. I følge dei som bur der har rasmarkene vore skogkledde fram til omlag andre verdskrig. Mykje av beiteområdet har difor ikkje lang kontinuitet. Av karplantar og sopp tilknytta beitebakkane vart det stort sett funne trivielle artar. I ytre delar veks ein del bjørk. Tidlegare skogkledning viser at lokaliteten er ung. Lokaliteten er som landskapselement spesielt fint med eit stort og samanhengande, trelaust geitebeite som særpregar heile fjordområdet.

Gardstuna på Stennes ligg i klynge nede ved fjorden, best mogleg beskytta for ras. Husa er modernisert og det vert elles dreve moderne gardsdrift.

Det er gjort registreringar av edellauvskogslokalitetar i Norangsfjorden der lokalitetane Urke-Øye og Øye er med (Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr. 3-1988).

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Fjorden og dalføret i dette området har store kontrastar og er eit av dei mest særprega områda i Møre og Romsdal. Heilskapen med jordbruksområde, vakker natur og fleire særprega kulturminne gjer området opplevingsrikt. Ei undersøking av beitemarkene i seterområda i Norangsdalen bør gjerast, og om naudsynt bør ein utarbeide ei skjøtselsplan som sikrar riktig bruk av områda.

KONFLIKTAR

Attgroing av kulturmarkane er ein trussel for heilskapen i landskapet. Setermiljøet og den spesielle naturen i Norangsdalen er særskild sårbar. Alle inngrep bør difor tilpassast det eksisterande miljøet.

KJELDER:

Erling Welle-Strand: Norge rundt. 1987.

Ivar Grøvik: Hjørundfjordboka I . Hjørundfjord bygdeboknemnd. Ørsta kommune 1975.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr. 3-1988. Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden. (ISBN 82-7430-007-6).

Frå Hjørundfjord. Hjørundfjord kommune 1837-1963. Årsskrift nr. 9 - Hjørundfjord Sogelag.



Fig. 14 Stennes på sørsida av Norangsfjorden




Fig.15 Gammal bru i Norangsdalen



Fig. 16 Setrer i Norangsdalen



Fig. 17 Setrer i Norangsdalen



NORANGSFJORDEN-NORANGSDALEN

Stranda kommune, Møre og Romsdal Fylke

— — — — —
Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000
500m

Kartblad: 1219-3 (M711)

1km 2km

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.8 DYRKORN

Kommune: Stordal
Kartblad M711/N50: 1219 I Stranda
Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

OMRÅDESKILDRING

Dyrkorn er ei bygd som ligg senralt på nordaustsida av Storfjorden. Topografien er bratt i området og busetnaden ligg rundt Dyrkornvassdraget som ein opning mot fjorden i eit elles berglendt fjordlandskap. I dag er Dyrkorn i hovudsak ei jordbruksbygd med moderne gardsdrift. Det ligg fleire gardsbruk oppover på terrassane i lia. Det som særpregar bygda er det heilskapelege kulturlandskapet frå fjøre til fjell der mange kulturhistoriske element fortsatt er tilstades uten store inngrep i nyare tid. Berggrunnen består av gneis med nokre innslag av amfibolitt.

KULTURHISTORIE

Namnet Dyrkorn er ikkje lett å tidfeste. Det er likevel liten tvil om at ein har med ein eldgammal busetnad heilt frå fangstkulturen sine dagar. Truleg har den første garden si historie langt tilbake i jernalderen og har lege sentralt ved fjorden. Dyrkorngarden var delt i "øvre" og "nedre" allereie i 1603. Desse gardane var kyrkjegods på 1600-talet, eigd av Ørskogskyrkja (Sande, J.J. 1989). På 1800-talet og utover på 1900-talet hadde gardane i Dyrkornbygda ikkje setra lenger unna enn at seterjentene kunne gå att og fram mellom gardane og setra kvar dag.

Kvelvingsbrua på Dyrkorn er bygd i 1870 og ligg rett ovanfor den nye brua. Dyrkornvassdraget vart utbygd i 1913. Dette hadde stor verknad på bygdesamfunnet og gav grunnlag for industriutbygging. Det vart starta med produksjon av fiskegarn og produksjonen gikk svært godt dei første åra. Anlegg for impregnering, barking og tørkeverk vart etter kvart bygd. Stor tilstrøyming av arbeidarar gjorde at og folketalet i Dyrkornbygda vart fleirdobla og det vart naudsynt å byggje arbeidarbustadar. Etter kvart bygde folk seg eigne bustader oppe på bakkøyra ovanfor. Det var stor tilstrøyming av folk som fekk seg arbeid på fabrikk og elles stor aktivitet i bygda fram til 1920 åra da torskefisket på Møre kysten tok slutt. Etter første verdskrig var det store omleggingar i fisket og vintersildefisket ved Island tok seg opp og krevde anna fiskereiskap. Det krevde omlegging av produksjonen. I 30-åra fikk fiskereiskapsindustrien stor konkurranse frå Japan og A/S Dyrkornanleggene med fleire måtte satse meir på import og sal. (Sande, J.J. 1989)

FUNN OG KOMMENTARAR

Bygda har i dag eit moderne dreve jordbruk og det er lite av gamle kulturmarkstypar. Ut i frå dei observasjonane som er gjort er det ikkje funne lokalitetar med særskilt verdifulle biologiske kvalitetar knytta til gamle kulturmarkstypar som dette prosjektet ønsker å fange opp.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Det er naudsynt å gjere vidare botaniske undersøkingar for å få oversikt over eventuelle verdifulle botaniske restareal.

Det klårt interessante og verdifulle som særpregar Dyrkornbygda er i hovudsak det heilskapelege og eldre industrisamfunnet og jordbruksbygda frå fjøre til fjell. I Møre og Romsdal er dette den einaste staden av sitt slag utan større inngrep i nyare tid. Det er difor viktig at det heilskapelege preget med mange element knytta til landskapet vert ivartetatt i framtida.

KONFLIKTAR

Opphør i drifta og gjengroing av jordbruksareala er ei av truslane for det heilskapelege landskapet på Dyrkorn. Strandlina bør heller ikkje påførast større inngrep. Masseuttak og tilplanting av jordbruksareala er uheldig for heilskapen i bygda.

KJELDER:

Sande, J. 1989. Farne tider. Bygdesoga fram til 1920. Stordalssoga band 1.



Fig. 18 Dyrkorn sett frå nord






Fig.19 Gammal bru på Dyrkorn



DYRKORN
 Stordal kommune, Møre og Romsdal Fylke


 Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000



Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994

Kartblad: 1219-1 (M711)



6.9 JORDALSGREND

Kommune: Sunndal
Kartblad M711/N50: 1420 IV Stangvik
Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

OMRÅDESKILDRING

Vest for Øksendal ved Sunndalfjorden ligg bygda Jordalsgrenda. Landskapet er noko opnare her lengre ut i fjorden sjølv om fjella går rett ned i havet her og. Men fjelltoppane er ikkje riktig så høge som lengre innover i fjorden.

Frå gammalt av har jordbruket stått sterkt i dette dalføret og fortsatt er nokre bruk i drift.

KULTURHISTORIE

Før 1795 sokna gardane i Jordalsgrend til Tingvoll prestegjeld. Jordalsgrenda har vore og er ei jordbruksbygd der fiske stort sett har vore til eige bruk. I dag bur det omlag 70 mennekse i bygda.

FUNN OG KOMMENTARAR

I dette området er fleire lokalitetar undersøkt med omsyn til sopp på gammal kulturmark (Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992 og Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). To av desse skil seg klårt ut som særleg interessante lokalitetar:

Jordalsvøttu UTM: MQ 645594 og Jordalsøra UTM: MQ 655602

Jordalsvøttu

Lokaliteten er ei sommarfjøsmark med einer, kalkfattig tørreng og kalkfattig fukteng, noko sølvbunke og godt mosedekke. Tidlegare var dette slåttemark. I dag er området beita av sau og inntil nyleg beita storfe her. Det er i dag noko lavt beitetrykk. Det står ei nesten intakt høyløe i området og eit nedramla sommarfjøs. Sommarfjøsen var brukt som ein mellomstasjon på veg til setra.

På denne lokaliteten er det m.a. funne grå narremusserongsopp. Soppen er sjeldan og er publisert funne på nokre få stadar i Danmark, Sverige og Noreg. Vidare er den sjeldne fiolett greinkøllesopp funne (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Lokaliteten er svært artsrik og er av dei aller mest verdifulle beitemarkslokalitetane som er registrert med omsyn til sopp. Lokaliteten er undersøkt av John Bjarne Jordal fleire gongar gjennom ti år (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993) og er vurdert til å ha klar nasjonal verdi.

Jordalsøra

Lokaliteten ligg på J.B.Jordal sin heimgard og er ei kalkfattig tørreng.

Denne lokaliteten har vore slåttemark kombinert med beite i utmark i minst 100 år, og etter ein periode med berre beiting har den dei siste 6-7 åra vore slått kvar sommar. I periodar i etterkrigstida har marka vore gjødsla med små mengder kunstgjødsl. Av karplantar som er funne her er m.a. vanleg marinøkkel, grov nattfiol (slåttengart), småengkall, smalkjempe og vanleg øyentrøst. Av vokssopp-arter er det funne 17 artar. Brunfnokket vokssopp og mørk musserongvokssopp er av dei mest spesielle. Vidare er det funne 7 finger- og køllesopp noko som er rekord for ein lokalitet (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Noverande skjøtsel er ikkje tilstrekkeleg på Jordalsvøttu. Beitetrykket er for lågt og området bør slåast og ryddast systematisk.

Noverande skjøtsel er truleg tilstrekkeleg på Jordalsøra, men lokaliteten bør sikrast skjøtsel for framtida.

KONFLIKTAR

Endra bruk av områda er ein trussel mot det store artsmangfaldet på lokalitetane.

KJELDER

Hansen, I., Innvik, P.E., Svinsås, G. og Ulvund tekst og forlag. Sunndal vill og vakker. En reise gjennom natur og kultur i Sunndal kommune.

Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992. Soppfloraen i noen ugjødsle beitemarker i Møre og Romsdal. Fylesmannen i Møre og Romsdal.

Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



Fig.20 Jordalsvøttu

Foto: John Bjarne Jordal



Fig.21 Skjøtsel av slåtte­mark på Jordalsøra

Foto: John Bjarne Jordal

JORDALSGREND

Sunddal kommune, Møre og Romsdal Fylke



Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000

Kartblad: 1420-4 (M711)

500m

1km 2km

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.10 ØKSENDAL

Kommune: Sunndal
Kartblad M711/N50: 1320 I
Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

OMRÅDESKILDRING

Øksendalen ligg på sørsida av Sunndalsfjorden på Nordmøre. Sjøelve strandstaden er framheva som eit av dei tjue stadane i Noreg som er best tatt vare på i samband med ein konkurranse arrangert av NORTRA i samband med Europeisk Turistår 1990 (Tscudi-Madsen, S. Warmedal, M.M. 1991).

Øksendalsøra representerer landskapselement som er typiske for mange av fjordbotnane i Møre og Romsdal. Men det er få stadar at elvedeltaet og strandsona er så godt tatt vare på som her. Naturtypen rundt elveutløpet, medrekna elvedeltaet, er vurdert som nasjonalt verneverdig. Elveøra og strandengene og det gamle bustadsmiljøet danner i lag ein heilskap i grenselandet mellom kultur og natur, noko som gir eit særskilt preg.

I alt er det ca. 30 verneverdige bygningar på Øksendalsøra. Elveøra, strandområda og bygningsmiljøet utgjer ein heilskap med stor verneverdi og representerar eit av dei få intakte og typisk utvikla landskapselementa med utgangspunkt i dei mange fjordbotnane i Møre og Romsdal.

Jordbruket er den viktigaste næringsveg i Øksendal og vilkåra for jordbruk har vore gode. Fortsatt er bygda og dalføret ei levande jordbruksbygd, noko som er med å prege landskapet i høg grad. Sjølv om det meste av drifta er lagt om og modernisert er det mange eldre bustadhus og driftsbygningar i dalen som er godt tatt vare på.

Jordbruksareala er dominert av intensivt dreve engareal og område med kulturbeite. Det finst mange veg-, åker- og kantareal med eit relativt stort artsmangfald. Areala oppover dalsidene har tidlegare vore nytta til utmarksbeite og er i dag dei fleste stadane i ferd med å gro igjen.

KULTURHISTORIE

Dei eldste gardane er frå tidleg middelalder. Funn i jorda tyder på at den første busettinga er fleire tusen år gammal.

Langs med Sunndalsfjorden er det funne mange spor etter fangstfolk frå yngre steinalder og bronsealderen.

Garden Husby (namnet tyder ein gard med mange hus) var truleg eit sentrum for kongemakta for Alvundeid og Sunndal på 800-talet. Seinare, frå 1309-1600, var garden under erkebiskopen i Nidaros og fram til 1728 var den krongods. Seinare har han vore i private hender. Studiar av gardsnamn har vist at bygdesamfunna vart organisert rundt sentra som hadde politisk og religiøs verdi og Øksendalsøra strandstad har nok vore eit hovudsete for bygda i lange tider.

FUNN OG KOMMENTARAR

Registrerte lokalitetar innafør område:

Husby UTM: MQ 713544, Holten UTM: MQ 689495 og Tverråa UTM: MQ 658469

Dei ulike områda omfattar i same rekkefølge: beitebakkar med gammal einer, bakke ved grusterrasse med kalkfattig fukteng med innslag av tørreng og grusvifte ved fjellelv med kalkfattig tørreng. Alle områda er beita av storfe. Beitemarkene såg interessante ut og det vart gjort fleire interessante funn av sopp. Registreringa etter ein sesong er likevel ikkje nok til å fastsette verdien som spesielt høg med omsyn til sopp (Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992).

På delta-området er det registrert artrik strandvegetasjon med 71 artar med bl. a. sørgrense for ishavstørreng. Det finst og brakkvassvegetasjon av nasjonal verdi (Holten, J.I. et al.1986).

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Vidare botaniske undersøkingar tilknytta kulturmarkane med meir detaljert undersøking av kulturmarkstypane på øra og oppover i dalen er naudsynt for å få oversikt over eventuelle verdifulle botaniske restareal.

Opphør i drifta og gjengroing av jorbruksareala er ei av dei største trusslane for det heilskapelege landskapet i dalen.

Det er laga ei reguleringsplan over Øksendalsøra. Likevel er ikkje dei verneverdige husa godt nok ivaretekne.

Det klårt interessante og verdifulle i området er det heilskapelege og harmoniske natur- og kulturlandskapet som er av dei beste av sitt slag i Møre og Romsdal.

KONFLIKTAR

I Møre og Romsdal har det vore ei registrering av elvedelta. Elvedeltaet i Øksendalsøra er eit av dei større delta-områda med minst inngrep i Møre og Romsdal og er såleis blant dei mest verneverdige (Fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal, 1994). Vidare utgreiing av naturtilhøve når det gjeld deltaområdet er under arbeid.

Det har vore store konfliktrar i samband med to reguleringsplaner på Øksendalsøra. Dette gjeld mellom ann småbåthamn og hybelhus. Utbygging av hamna er i klår konflikt med ivaretaking av det heilskapelege busettingsområde, elveosen og strandlinja, som er av det beste vi har i fylket.

Det er og under planlegging å føre riksvegen gjennom ein ny tunnel frå Øksendalen mot Sunndalsøra. Det ligg føre fleire alternativ.

KJELDER:

Tscudi-Madsen, S. og Warmedal, M.M.: Vakrest i landet. 1991.

Roald, H.-J.: Reguleringsområdet Øksendalsøra / Sunndal kommune, CUBUS, 1980.

Holten, J.I., Frisvoll, A.A. og Aune, E.I. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Økoforsk-rapport 1986, 3B.

Fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal, 1994.

Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992. Soppfloraen i noen ugjødsla beitemarker i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.




Fig. 22 Øksendalsøra

Foto: Grete Andersen



Fig. 23 Øksendalsøra

Foto: Grete Andersen



ØKSENDALEN

Sunddal kommune, Møre og Romsdal Fylke



Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000
500m

Kartblad: 1420-3 (M711)



Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.11 GEIRANGERFJORD-OMRÅDET

Kommune:	Stranda
Kommunenr.:	1525
Kartblad M711/N50:	1219 II
Landskapsregion:	23. Indre vestlandsbygder

OMRÅDESKILDRING

Området er avgrensa til Geirangerfjorden med dei inste delane av Storfjorden og omgivnaden rundt (sjå kart).

Geirangerfjorden er ein fjord med bratte og høge fjellsider danna under kvartærtidas istider. Fjella rundt fjorden går opp til 1800 m, og fjorden går nesten inn til hovudvassskilet mot Austlandet. Fjordområdet er ved sida av Nærøyfjorden / Aurlandsfjorden i Sogn, det største urørte fjordlandskapet i landet utan vesentlege inngrep (Notat Fylkeskommunen i Møre og Romsdal 1993). Tilsvarande fjordsystem finst ingen andre stader i Europa og er eit eineståande natur- og kulturobjekt i internasjonal målestokk. Den trange fjorden med høge, bratte fjell og kvite fossar gjev eit dramatisk preg. Berggrunnen inneheld gneisbergartar.

Ein særmerkt kvalitet ved området er dei mange fjell- og fjordgardane som representerer store kulturlandskapsverdiar. Samspelet mellom vill og urørt natur og kulturpåverknad utan store inngrep i nyare tid, er sjeldsynt ikkje berre innafor vårt land, men også i internasjonal samanheng. Geiranger med Geirangerfjorden er av dei mest internasjonale turistområda vi har i Noreg og dette landskapet finn ein avbilda i turistbrosjyrer over heile verda.

Landskapet rundt delar av fjorden er med i det foreslåtte landskapsvernområde: Geiranger-Herdal (Landsplan for nye nasjonalparker og større verneområde, St.meld.62 (1991-92), som regjeringa har vedtatt.

Geirangerelva er varig verna mot kraftutbygging (Verneplan IV). Vesteråselva og Storseterfoss er verna tidlegare (Verneplan III).

Området vest for Møll er av dei største og best utvikla edellauvskogslokalitetane i Møre og Romsdal (Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal 1993). Skogen er storvaksen og vegetasjonen er godt utvikla med både alm og lindeskog, gråor-almeskog og gråor-heggeskog.

Organisasjonen Storfjordens venner som vart skipa i 1976, har ei årrekkje arbeid aktivt med restaurering og vedlikehald av bygningar og kulturlandskap av mange av fjell- og fjordgardar i området. Foreninga har m.a. fått støtte gjennom Norsk kulturråd Riksantikvaren, Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal og av spesielle kulturlandskapsmidlar til dette arbeidet.

Det vert gjennom arbeidet med Norsk Fjordsenter i Geiranger arbeid aktivt med å utvikle eit informasjonsenter basert på temaet fjord.

KULTURHISTORIE

Det er gjort funn og gravminne frå jernalderen som syner busetting ved fjorden. I utmarksområda er det kulturminne knytta til jakt og fangst (NOU 1991: 12B).

I området er det mange spesielle gardbruk med ulike bygningstypar som representerar Storfjordområdet.

Tidleg vart Geiranger området eit attraktivt reisemål og ein viktig næringsveg for folk her. Turismen tok seg opp utover på 1800 talet. I 1880 var det eit hotell i Geiranger, men aukande behov skapte ny utbygging. Bygda hadde 400 innbyggjarar i 1895. Det var da fire hotell i drift. Allereie i 1906 var det 112 besøk av turistskip i Geiranger. Det vart tidleg behov for å frakte turistar rundt om i området. Dette vart etter kvart ein næringsveg og i 1907 vart det skipa skysslag i Geiranger for å få orden på skyssinga av turistar.

I området er det mange gamle ferdselsminne og spesiell er vegen opp til Strynefjellet frå 1880-åra. Av nyare dato er Ørnevegen, ein fjellveg mellom Geiranger og Eidsdal som vart ferdig i 1954. Vegen går i særleg bratt terreng og har elleve slyng.

Langs med Geirangerfjorden, Synnlyvsfjorden og Norddalsfjorden ligg fleire små fjell- og fjordgardar på hyller oppe i fjellsida (sjå fig.25). Knivsfå er ein av desse gardane og ligg på ei fjellhulle aust for fossen "Dei sju søstre" (fig.26). Denne fjellgarden var av dei som tidlegast vart fråflytta. Det skjedde i 1898 p.g.a. fare for steinras som truga husa. På 1800 talet var det to familiar som livberga seg her (Tvinnereim. J. 1992). På skrå over fjorden ligg garden Skageflå. Dette var ein gard som var ein av dei rikaste i Geiranger. På det meste hadde garden 120 geiter og 15-16 kyr. Garden er no ivaretatt av Storfjordens Venner. Ein annan gard, Blomberg, har lagt der sidan 1600-talet og vart fråflytta så seint som 1948. Bustadhus står enno på staden med inventaret intakt. Ein del av gardane var isolert vinterstid eller hadde berre tilkomst over fjellet. Dei eldste av desse gardane vart rydda for 300 år sidan.

FUNN OG KOMMENTARAR

Innafor det avgrensa område er desse lokalitetane undersøkt:

Gjørva, Maråk, Westerås, Møll og Ljøen. Sjå avmerking på kart side 75.

Gjørva UTM: MP 063-864

Gjørva er eit gardstun med beitemark, slåtteng, åkrar og frukthage inst i Geirangerfjorden, nær Geiranger sentrum. Området er omlag 120 da stort. Strandlina er stort sett upåverka av inngrep frå nyare tid sett bort i frå to fyllingar som tildels har øydelagt ei gammal stø. Gradienten fjord - fjell er heilskapleg med mange intakte steingardar og rydningsrøyser, terrasseringar, fleire eldre bygningar og eit gammalt kraftverk. Ledningsnettet tilhøyrande kraftverket er intakt, det manglar berre eit lite parti nær kraftstasjonen. Beitemarka er artsrik og er beita av storfe og sau. M.a. vart det funne harerug, øyentrøst, blåklokke, rødknapp, tepperot, vanleg kjempe, blåkoll, karve, stankstorkenebb, humle, søyle-einer og nyperose på beitemarka. Her vert det ikkje brukt kunstgjødsel i dag.

Oppi lia står murane etter ei seter. Stien opp er steinsatt og er eit fint turområde. Tidlegare har det vore ein løypestreng i lia her.

Området har mange element tilhørende det gamle kulturlandskapet som viser lang kontinuitet. Terrengform og rasfare har gjort at garden har halde på den gamle klyngetunforma. Delar av dei eldste husa truleg heilt frå middelalderen. Framleis er det teigblanding mellom grunneigarane. Det er gjort relativt få større inngrep i nyare tid innafor området.

Maråk UTM: MP 064867

Området ligg i Geiranger sentrum og inneheld eit heilskapeleg kulturlandskap med slåtteng, åkrar, frukthagar. Området har ikkje det same mangfaldet og heilskap som Gjørva, men utgjer ein heilskap saman med gardsmiljøet i området.

Ei mark som grensar til riksvegen i overkant, aust for Maråk, er planta med gran. Dette er dårleg tilpassa omgjevnadane og heilskapen i dette området da dette tradisjonelt har vore beite eller slåttemark tidlegare. Grana vil etter kvart stenge for utsyn og opplevingar når trea veks til, noko som er svært uheldig i dette området. Ved elva står restar etter gamle kvernhus.

Westerås UTM: MP 070869

Westerås ligg 320 m o.h. i ei bratt, sørvend li nord for Geiranger sentrum. Her står fleire gamle bygg. To hovudbygningar i området er bygd inntil terrenget for å hindre at det vert tatt av ras. Eit gammalt fjøs er ombygd til serveringsstad. Våningshusa er i dag nytta til overnattingsstad for turistar, medan sommarfjøset fortsatt vert nytta til å huse 50 geiter.

Området er rikt på kulturminne, har mange rydningsrøyser, steingardar, ruiner etter slåttemurar og terrasseringar. Geitebeitemark og slåtteeng er fortsatt skjøtta, men store areal er ikkje i bruk og har begynt å gro igjen. Geitebeite er stort og strekk seg oppover i fjellsida ovanfor busetnaden. Beite i nedkant, inneheld vekslande gras og urtedominert vegetasjon. Fuglevikke, kvit- og raudkløver, groblad, blåkoll, gulaks, bringebær, kvitmaure, hestepreng, stankstorkenebb, småbergknapp, engsyre, kvitbladtistel m.m.. Det er styva alm ved gardshusa. I området har det vore mange løypestrengar. I dag er området eit viktig turområde med mange turstiar utover i dei gamle slåttemarkene.

Møll UTM: MP 053-890

Møll er eit gardstun med beitemark, slåtteng, åkrar og frukthage og ligg mellom svingene i midtre del av Ørnevegen, sørvendt mot Geirangerfjorden. Terrenget i området er bratt. På Møll er det tre gardsbruk i dag med tilsaman elleve gamle bygningar, det eldste er truleg frå 1600-talet. Husa er plassert i klynge og er tilpassa landskap og klima slik at det ikkje vert tekne av snøskred. Møll er i dag noko av det mest intakte og interessante klyngetunet på Søre Sunnmøre. Møll er no den største geitegarden i Stranda kommune.

I edellalauvskogen vest for Møll er alm, gråor og hengjebjørk dominerande treslag. Desse treslaga finn ein også igjen rundt Møll-tunet. Utmarka på Møll har vore godt utnytta i lange tider. Områda er no i ferd med å gro til p.g.a. endra bruk. Nokre bjørkehagar finst framleis og vert beita. I vestre del dominerar hassel. Varmekjære artar som junkerbregne, skogfaks, lundgrønaks, ramslauk, tannrot, trollbær, vårkål, storklokke, sanikel, jordnøtt m.m. veks her. Andre artar er grov nattfiol, brudespore, humle, svartstarr, piggstarr.

Nokre delar av innmarka på Møll vert enno slått og er vår- og haustbeite for sau og geit, men store delar av innmarka er ikkje lenger i bruk. Kantvegetasjon og engar glir noko inn i kvarandre, det same gjer inn- og utmarka mange stader. Dei gamle slåtteengene er artsrike og vert rekna som noko av det mest trua kulturbetinga plantesamfunn vi har, og i

området rundt Møll og Grande er det funne slike. I området er det spor etter ei gammal ferdselsåre frå 1860 åra.

Møllsetra og Gråsteinssetrene ligg på 700-800 m o. h.. Området vert i dag beita av geit, og vart innført igjen etter mange års opphald. I dette området er det murar etter seterlegg ved fossen. Ei gammal kvern er her intakt. Det går ei lang steinsatt sti opp til Gråsteinssetrene eit godt stykke ovanfor Møll-tunet.

Både bygningsmiljø, kulturminne i form av gamle vegar og stiar, steingarder m.m., dei forskjellige kulturmarkstypene og deira store biologiske kvalitetar gjer området særleg interessant og verdifullt som må bli tatt vare på for ettertida.

For område Møll og Grande er det utreda ein skjøtselsplan i samband med ei hovudoppgåve ved Telemark distriktshøgskole (Asdøl, K., Moe, A. og Mykland, H.C.1991) og det vert vist til denne for meir detaljert informasjon.

Ljøen UTM: LP 916-894

Ljøen er ei søraustvend , stupbratt lauvskogsli mot Synnylvsfjorden med fleire gardsbruk. Området har stor slått utsikt mot Geirangerfjorden. I øvste del står det bl.a. eit gammalt stovehus frå 1786. Skoglia er prega av varmekjære og krevjande planteartar som lind og hagtorn. Her var det tidlegare post- og rideveg som også i dag er godt synleg og kan følgjast. Ved sjøen ligg den Trondhjemske landingsvår som truleg er den største i fylket.

I området er det geitehald og store areal i fjellsida vert i dag nytta til beite. Delar av gardsområdet på nedre Ljøen vert slått med motorslåtmaskin og ljå. Det er prestekrage-engar med m.a. brudespore som tyder på at området er kalkrikt. Andre registrerte artar er m.a.: øyentrøst, smalkjempe, bergmynte, harerug, blåkoll, firkantperikum, blåklokke, mjøduert, fjellmarikåpe, alm, lind, hegg og hassel.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Heile Geirangerområdet ber preg av samspelet med fjell, fjordar, fossar og kulturlandskap og saman med busetnad gir dette kontrastfylte og inntrykksrike opplevingar. Variasjonane og dei kulturelle og biologiske kvalitetane i området er spesielt verdifullt.

Som turistmål er dette eit av storområda i Møre og Romsdal. Dette kan og vere ein trussel om ein ikkje med varsemnd forvaltar landskapet og busetnad med med stor omtanke og respekt slik at nye inngrep kan tilpassast det eksisterande miljøet.

Under registreringsarbeidet i området fikk vi stadfesta at dette er ein del av Møre og Romsdal som inntil for nokre få år sidan var lite prega av intensiv jorbruksdrift. Fortsatt finn ein element av gammalt kulturlandskap som m.a. beite- og slåtte-teigar, uteløar, steingardar, eldre busetnad m.m. som vert godt halde vedlike. Randsonane oppover mot fjellet er og i stor grad halden i hevd, men p.g.a. lavt beitepress i nokre delar kan desse områda gro igjen.

I det vidare arbeidet bør mange av fjell- og fjordgardane undertsøkast med omsyn til kulturmark.

Kvanndalsetra som ligg lett tilgjengeleg ved riksvegen har stor opplevingsverdi og bør registrerast i det vidare arbeidet.

KONFLIKTAR

Det har vore ei satsing for å auke turistrafikken i Noreg og med stigande tal turistar vert det og større behov for tilrettelegging, parkeringsplassar, større vegar m.m.. Slike inngrep bør planleggast nøye med omsyn til den strukturen som er i dette området.

Det finst fleire døme på manglande tilrettelegging for den aukande turismen som har fått uheldige konsekvensar mange stadar i Noreg. I dag er det meste av området naturskjønt og idyllisk og inneheld mykje interessant og verdifullt kulturlandskap. Ei uvettig planlegging uten tanke for landskapstilpassing, vegetasjon, dyreliv og lokalhistorie, kan medføre at dette preget lett vert øydelagt.

KJELDER

Tvinnereim, J. 1992. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal 2. 1835-1920. Grotid i grenseland.
Asdøl, K., Moe, A. og Mykland, H. Chr. 1991. Skjøtselsplan for Møll og Grande i Geiranger.
Hovedoppg. ved Telemark distriktshøgskole / Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
NOU 1991: 12B Verneplan for vassdrag IV.



Fig.24 Utsikt mot Geirangerfjorden sett frå Gjørva




Fig. 25 Kart med oversyn over dei mange fjell- og fjordgardane i området. (Kjelde: Storfjordens venner)





Fig. 26 Del av Møll-tunet




Fig. 27 Fjordgarden Knivslå i Geirangerfjorden



GEIRANGERFJORDOMRÅDET
 Stranda kommune, Møre og Romsdal Fylke

 Områdegrense kulturlandskap
 Målestokk = 1:50000
 500m

 1km 2km
 Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994

Kartblad: 1219-2 (M711)



6.12 ROMSDALEN

Kommune:	Rauma
Kommunenr.:	1539
Kartblad M711/N50:	1320 II og III, 1319 I og III
Landskapsregion:	23. Indre vestlandbygder

OMRÅDESKILDRING

Det avgrensa området er Romsdalen til fylkesgrensa mot Oppland med Brøste og Ulvådalen inn til Vakkerstølen.

Romsdalen er eit dalføre med store topografiske variasjonar. I nordvest dominerear høge fjell med spisse tinder og i søraust er det rolege, avrunda terrengformer. Sentralt i dalføret er elva Rauma som no er verna (Verneplan IV). Elva vekslar mellom stryk og ville fossparti og fleire større stilleflytande parti. Dei fleste sidedalane ligg som agnordaler til hovuddalen. Berggrunnen inneheld hovudsakleg gneisbergartar.

Det er eit stort spenn i naturtypar i dalføret, og området inneheld svært mange ulike vegetasjonstypar. Det spesielle er spennvidden frå dei kystpåvirka samfunna i vest og dei kontinentale i aust. Dalsidene har partiar med edellauvskog (Utkast til verneplan for Edellauvskog i Møre og Romsdal 1993). Eit av områda, Mjølva i Romsdalen, inneheld ein av dei nordlegaste askeskogane på Vestlandet. Det er gjort mange botaniske undersøkingar i Romsdalen. Dei fleste er gjort i samband med planar om kraftutbygging.

Delar av vassdraget øvst i Romsdalen er regulert. Langs heile dalen er kulturpåvirkinga knytta til gardsdrift som er mest konsentrert til dei øvre delane og strekninga mellom Remmem og Åndalsnes.

I den øvre del av Romsdalen er det gode fjellbeite både i hovuddalføret og særleg i sidedalane Ulvådalen og Vermadalen.

KULTURHISTORIE

Det er spor etter tidleg busetting heilt frå steinalderen innafor det omtala området. Ved Ulvåadalsvatnet er det funne steinalderbuplassar som er sjeldsynt så langt vest. Dyregraver, bogastiller og steinbuer fortel om jakt og fangst frå jernalderen til nyare tid. Mange av gardane i Romsdalen vart rydda i eldre jernalder og her finst gravminne og rike gravfunn. På Horgheim ligg det ein øydegard frå jernalderen og eit gravfelt med meir enn 100 haugar. Fylkeskonservatoren arbeider med eigen skjøtselsplan for gravfeltet på Horgheim. Dette området er av dei mest prioriterte fornminnefelt i landet.

Det er fleire gamle gardsanlegg i området (NOU 1991:12B). Remmem er ein gammal storgard i nedre del av Romsdalen og i Brøstdalen er Sjugurdgarden eit døme på korleis gardsbusetnaden såg ut på 1800-talet. Rekketunet er typisk for Romsdalen. Karakteristisk er dei store, lange låna og dei kombinerte driftsbygningane frå 1800-talet. Det finst også eksempel på tidlegare husmannsplassar som treromsstua. På Nerhole og Mjølva ligg to freda våningshus frå omlag 1810. Det er også fleire tekniske minnesmerkar i dalen. Spesiell er bruane ved Nystugu, Bakken og Kylling bru. Den sistnemnde er av dei mest kjente bruane i Noreg.

Romsdalen har vore ei eldgammel og viktig ferdselsåre mellom Vestlandet og Aust-Norge i mange hundre år. Dalen var den einaste sikre heilårsopne vegen mellom aust- og vestlandet før moderne vegbygging endra dette opp mot vår tid. Kjørbar veg var ferdig i 1868, og i 1908 gikk det bilrute gjennom dalen. I 1924 vart Raumabana vart opna (Thingvold, T. 1988).

Romsdalen har vore eit klassisk turistmål. Første hotellet var Aak hotell som vart opna i 1860. Det vart bygd samtidig som Stortinget vedtok å byggje veg gjennom Romsdalen. Før 1860 gikk varetransporten gjennom Romsdalen med hest og slede om vinteren og med kløvhest i den snøfrie årstida.




Fig. 28 Flybilette over Romsdalen med Romsdalshorn

Foto: Ikkje kjend

Det er knytta mange verdifulle kulturminne til tidleg turisme. Garden Fiva har vore sentrum for engelsk laksefiske i Rauma frå 1849 og det finst mange gamle turist- og skysstasjoner og jakthytter.

Næringsvegane har frå langt tilbake vore åkerbruk og fedrift. Det dyrkbare arealet er totalt sett ikkje stort. Dei største jordane finn ein nedst i dalen, lengre opp er jordstykkja små og bratte. På dei øvste gardane har korndyrking ikkje vore mogleg. I fjellet har det vore gode tilhøve for husdyrhald med store og gode beiteområde.

FUNN OG KOMMENTARAR

Under registreringsarbeidet i området fikk vi stadfesta at dette er ein del av Møre og Romsdal som inntil for nokre få år sidan var lite prega av intensiv jorbruksdrift. Fortsatt finn ein element av gammalt kulturlandskap som m.a. beite- og slåtte-teigar, utelør, steingardar, eldre busetnad m.m. som vert godt halde i hevd. Randsonane oppover mot fjellet er og i stor grad halden i hevd, men p.g.a. lavt beitepress i nokre delar kan desse områda gro igjen. Området Alnes-Fiva og Skiri-Foss er registrert som særleg interessante kulturlandskap, men området må undersøkast meir detaljert.

Opprethalding av dagens jordbruksdrift er naudsynt for å ta vare på kulturlandskapet. Fleire gardar er ikkje i drift lengre og nokre står i fare for å gro til med skog. I område som er særleg sårbar bør skjøtselsplanar som sikrar naudsynt beiting eller slått takast på alvor. Det er i heile dalføret viktig å ta vare på mangfaldet knytta til kulturlandskapet. Det er difor naudsynt med skjøtselstiltak både i den oseaniske Marsteinsområdet og i den kontinentale Øverdalen. Det er laga eit forslag til skjøtselsplan i Romsdalen (Hjelset, S og Toft, S 1992). Følgjande enger er anbefalt slått: Brøste-Gammelgarden, Slettafossen (fukteng), Sæter-Nyløvollen og Remmem-Alnes.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

I samband med framlegget om oppretting av Reinheimen nasjonalpark vart det av Fylkemannen i Møre og Romsdal foreslått å legge ut fire tilhøyrande landskapsvern-område. Landskapsvernområda skal fungere som buffersoner mot nasjonalparken. Denne verneforma gir færre restriksjonar for utøving av næringsverksemnd. Eit av områda er Romsdalen landskapsvernområde og omfattar eit areal på 171 km². Landbruket er den viktigaste næringsveg i området.

Området har eit rikt mangfald av kulturminne og kulturlandskap med store variasjonar som spenner over eit langt tidsrom. Kulturminna har stor kunnskaps- og opplevingsverdi. Heilskapen i landskapet er viktig og elva, kulturminne og kulturlandskap høyrer tett saman i opplevinga av området.

KONFLIKTAR

Heile Romsdalen ber preg av samspelet med fjell, fjord, fossar og kulturlandskap og saman med busetnad gir dette kontrastfylte og inntrykksrike opplevingar. Variasjonane og dei kulturelle og biologiske kvalitetane i området er spesielt verdifullt.

Det har vore ei satsing for å auke turistrfikken i Noreg og med stigande tal turistar vert det og større behov for tilrettelegging, parkeringsplassar, større vegar m.m.. Slike inngrep bør planleggast nøye med omsyn til den strukturen som er i dette området. Det

er knytta ein del konflikhtar til området i samband ned tilrettelegging for turisme som til dømes ny veg- og jernbanetrase. I samband med alle nye inngrep er det viktig å tilpasse desse til det eksisterande miljøet.

KJELDER:


- Thingvold, T. 1988: Vurdering av nyere tids kulturminner og utbyggingsplaner i Ramavassdraget.
Hjelset, S. og Toft, S. 1992: Landskapsvern i Romsdalen? Hovedoppgave, LNH-Ås
NOU 1991:12 A og 12 B. Verneplan for vassdrag IV.
Fladset, P.O. 1992. Skjøtselplan for Slettalia, Verma i Møre og Romsdal. Hovedoppgave ved Institutt for skogfag. Norges landbrukshøgskole.



Fig.29 Brøste, fjellgard i Brøstdalen




Fig. 30 Beiteområde ved Kabben




ROMSDALEN
Rauma kommune, Møre og Romsdal Fylke

DEL 1



Områdegrense kulturlandskap



Kartblad: 1319/1+2 (M711)
1320/2+3





Fig. 31 Øverås med utsyn mot Eikesdalsvatnet




Fig. 32 Nedre del av hasselskogen ved Vikesetra



Fig. 33 Austigard, del av klyngetun i Eikesdalen

A forts




ROMSDALEN
Rauma kommune, Møre og Romsdal fylke

DEL 2

----- Områdegrens kulturlandskap

Målestokk: 1:50,000
Kartblad: 1319/1+2 (M711)
1320/2+3

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.13 EIKESDAL-ØVERÅS

Kommune:	Neset
Kommunenr.:	1543
Kartblad M711/N50:	1419 Aursjøen 1320 Eresfjord
Landskapsregion:	23. Indre vestlandsbygder

OMRÅDSKILDRING

Området er avgrensa til å gjelde heile Eikesdalen til og med Finnsetlia sør for Eiksdalsvatnet og til og med bygda Øverås i nord i Neset kommune.

Eikesdal, Eikesdalsvatnet og Øverås utgjer eit dalføre på bortimot 38 km og høyrer til Neset kommune. Eikesdalsområdet er eit vilt, frodig og idyllisk dalføre. Berggrunnen inneheld overveiande gneisbergartar. Sjølve dalen er danna av isbreen som gravde seg ned i den harde berggrunnen og laga ein typisk u-dal. Seinare trekte breen seg tilbake og bre-elvar la igjen stein og grus. Dette skjedde i etappar og breelv-materialet vart avsatt i terrassar oppover i dalen. I dag er det tre terrassar som er karakteristiske: Stormoen-Reitan, Utigard, Austigard og Oppigard (Grini, P.G og Botten, A. 1991). Elva Aura renn gjennom heile dalen og har erodert i dei gamle breelvavsetningane og desse er avsatt i eit delta i Eikesdalsvatnet.

Ved sørvestenden av Eikesdalsvatnet ligg den kjente Mardalsfossen som no er regulert. Den vart tidlegare rekna som Nord-Europas høgste foss med loddrett fall på 297 m.

Vegetasjonen i området er prega av det gode innlandsklimaet. Varmekjære artar som alm og hassel er karakteristisk og er saman med furu, bjørk og gråor dei dominerande treslaga. Men det er særleg hasselen som har satt sitt preg på lauvskogen i Eikesdalsområdet. På mange lokalitetar er han skogdannande i temmeleg reine bestandar over store område. Hasselskogen på Øvre Vike er omtala i utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Rapport nr.10 1992).

Lauvskogen i Eikesdalen er grundig undersøkt, m.a. er det gjort ei hovudfagsoppgåve på dei ulike skogtypene. Hasselskogen finst i fire ulike utformingar etter variasjon i jordsmonn og topografi. Den vanlegaste av desse har eit lavt feltsjikt av bregnar og lågurtar og denne typen dekker store areal på Øvre Vike.

Furu er det einaste bartreslaget som dannar eigne skogar, og desse ligg m.a. på grusmoane langs Aura og ute ved Mardalen. Det finst og plantefelt med gran både i Eikesdal og på Øverås.

Sjølve Eikesdalen er ei jordbruksbygd. I dag vert det i hovudsak dreve moderne jordbruk med husdyrproduksjon. Bygda er kjent for sine hasselnøtter som i mange år var av stor økonomisk verdi for bygda .

Tradisjonen med piling (styving) av alm og andre treslag, har vore mest utbreidd her i Møre og Romsdal, og denne tradisjonen er tatt opp att i seinare tid. M.a. er det gitt midlar frå fylkeskulturlandskapsgruppa til skjøtsel av hasselskogen fire stadar i Eikesdal.

Området har stor verdi for friluftsliv. Mange fjellstiar finn ein i området. Stien opp til Mardalsfossen er truleg mest brukt.

I samband med vasskraftutbygginga av Aursjøen vart det bygd ein anleggsveg frå Eikesdalen via Aursjøen til Sunndalsøra. Sommarstid er det ein turistattraksjon å kjøre denne vegen som snor seg oppover fjellsida.

Først hausten 1990 fikk bygda vegsamband med Eresfjorden. Fram til da var ferje over Eikesdalsvatnet ferdselåra.

Turistnæringa er i vekst og Eikesdalen er eit satsingsområde i kommunen.

Etter vedtak i Stortinget i 1992 skal det utarbeidast ein fleirbruksplan for Rondane, Dovre og Knutshømrådet der Eikesdal ligg i vestgrensa av dette området. P.g.a. ulike inngrep og naudsynt skjøtsel i nokre delar av området, må ein bruke både naturvernlova og plan- og bygningsloven for best mogleg å ivareta dei ulike verdifulle områda. Plana omfattar fire fylker og åtte kommunar.

KULTURHISTORIE

Busettingshistoria i området er lang. Med sikkerheit veit ein at det er spor etter busetting frå omlag 1450. Bygda har hatt mykje kontakt med Gudbrandsdalen gjennom tidene.

I 1880 budde det omlag 300 menneske i sjølve Eikesdal. I dag er det minka til 60? All busetnad rundt Eikesdalsvatnet har stort særpreg og det ligg fleire klyngetun langs med vegen oppover i dalen. Byggeskikken er representativ for regionen. Dei tradisjonelle husa av trønderlån-typen er utbreidd her. Mange av desse husa er godt haldne vedlike.

I ein periode var Nesset kommune Bjørnstjerne Bjørnson sin heimkommune. Både Øverås og Eikesdalen har vore område for inspirasjon og forbilde da han skreiv "Arne" og "Faderen". På Utigard ved Reitan står Bjørnson sitt tre, eit minne frå da han budde på garden i 1858.

Hasselskogene vart godt nytta og tente som råstoffkilde til ein omfattande tønnebandproduksjon. Rolf Nordhagen (1931) granska desse i si tid og kom til at hasselskogene i Eikesdalen var av dei mest vidstrakte i heile Skandinavia. Eikesdølene har gjennom tidene dreve skjøtsel for å verne om dei verdifulle treslaga og at det fortsatt finst område i god hevd skyldast i stor grad bygdefolket sine "inngrep".

Heile området har ei rik og mangfoldig kulturhistorie og er rik på kulturminne og spor etter gamle driftsformar i landbruket. Det er gjort ei registrering av kulturlandskapet i Eikesdalen i 1991 og vi viser til denne for ein meir detaljert beskriving av områda i Eikedalen.

FUNN OG KOMMENTARAR

Finnset

Den inste garden i Eikesdalen er Finnset. Der ligg to bruk tett ved kvarandre. Tidlegare hadde desse to bruka ein husmannsplass under seg (Grini, P. og Botten, A. 1991). Den fikk seinare namnet Elverhøy. I dag står berre eit våningshus frå 1890 og grunnmurane til fjøset igjen. Huset er no fint pussa opp.

Alle husa på tunet på Finnset brann ned i 1928. Dei nye husa som står der i dag vart reist i 1931. Det er restar etter kvernhus, utløe- murar og kraftstasjon på Finnset. Det er også

fleire steingardar og rydningsrøyser i området. Eit felt med almetre vidare oppover i dalen er pila i 1992. I dag er det hovudsakleg sauedrif på Finnset og 500 dyr går på beite i fjellområdet. Nokre få kyr beitar i marka nær gardane. M.a. vart det her funne ryllik, blåklokke, smalkjempe, blåkoll, skogstorkenebb, karve, turt, gulaks, pila alm, hassel hengebjørk og osp. Markane rundt Elverhøy er beita av sau. Her vart det registrert harerug, øyentrøst, blåklokke, forglemmegei, gulaks, sølvbunke, kvit-og raudkløver, einer, bjørk, furu og gran m.m..

Seter

Nedover i dalen, frå Finnset mot Eikesdalsvatnet, ligg Seter på ei grøn flat slette. Sæter består i dag av fire bruk. Frå tidlegare har desse vore samla i klynge vest for der bygningane ligg i dag. Snøskred har vore ein trussel i området og i 1858 vart gardane ramma og fleire menneska mista livet. Dei eldste husa er i dag fjerna. På marka sør for garden "Høvelreiten" ligg restar etter eit gravfelt frå yngre jernalder og spor etter ein gammal offerplass. I området i retning Finnset smalnar dyrkamarka saman. Ein del kraftige almetre står her. Området her skil seg ut på grunn av vegetasjon og landskapskarakter.

Øvre Vike

Øvre Vike ligg på austsida av Eikesdalsvatnet. I dette området finn ein den største og reinaste hasselskogen i heile Eikesdalsområdet. Hasselen er typisk buskforma og fleirstamma med ei mengd av stubbeskot. Nokre få eksemplar er spesielt kraftige og treforma. Alm er vanleg i området og finst spreidd rundt i skogsområdet saman med hasselen. Mange almetre er merka av lauving og piling.

Dei siste 40-50 åra har bruken av hasselskogen vore liten. Tønnebanda av hassel vart avløyst av metallband og importerte nøtter konkurrerte ut Eikesdalsnøttene. Beitinga har også avtatt. Slik skogen er i dag er den difor i gjengroingsfase. Hasselen vert gamal og sett mindre frukt.

Likevel er hasselskogen på Øvre Vike er den største, samanhengande bestanden i Noreg og truleg også i Nord-Europa. Den er ein typisk kulturskog som har vore utnytta i århundrar. Skogen har og vore under konstant beitepress av sau, geit, hest, storfe og gris.

Den økologiske verneverdien av området er svært høg. Det er få lauvskogslar av denne typen som ikkje er utsatt for tilplanting av gran og tekniske inngrep. Botaniske registreringar har kartlagt fleire varmekjære artar som sanikel, vårerteknapp og trollbær. Lia er og vinterbeite for hjort, og ornitologiske registreringar har synt at heile Eikesdalen har ein unik tettheit av spetter og andre hulerugarar. I ei telling i 1991, vart både kvitryggspett, gråspett og grønnspekk registrert som hekkande par.

Det er også i denne samanheng naturleg å trekke inn den store spennvidden i natur mellom sjølve Eikesdalsvatnet og fjellområda rundt. Med unntak av anleggsvegen til Aurotbygginga, er det mogleg å gå i urørde fjellområde heilt herifrå til Dombås. I fjellområdet ha vi det einaste fungerande høg fjellsøkosystem med villrein, fjellrev og jerv. Alle desse dyreartane kan dukke fram på kanten av fjella i området. I Eikesdalsvatnet er det ein levedyktig bestand av oter her. Skogområdet på Øvre Vike kan såleis settast i ein større økologisk samanheng, noko som forsterkar verdien av området.

Hoem / Hoemsetra

Hoemsetra og Hoem ligg rett overfor Vike på vestsida av Eikesdalsvatnet. I dette området består jordsmonnet av skrinn grusjord som i vesentleg grad er tilført av elva frå Hoemdalen. Ein må ta båt frå Vike for å kome seg hit. Busetnaden på denne sida er avgrensa til garden Hoem i nord og Hoemsetra 1,5 km lengre sør. Bnr. 1 Hoem, er gammalt og nemnt allereie i 1430. Garden vart fråflytta i 1946 og våningshuset er i dag nytta av turistforeninga under namnet Hoemsbu. På grusjorda her veks det store hasselbestandar.

Øverås.

Dette er eit større område med beitemarker og einerbakkar knytta til fleire gardar. Delar av liene er planta med gran, men det er fortsatt restareal med artsrik vegetasjon. Beiteareala har aukande lauvoppslag og store område står truleg i fare for å gro igjen. I området er det fleire flotte askeallear og mange steingardar og gamle gardshus av trønderlån-typen bygd på 1800-talet. Mange av desse er i god hevd.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Under registreringsarbeidet i området fikk vi bekrefta at dette er ein del av Møre og Romsdal som inntil for nokre få år sidan var lite prega av intensiv jorbruksdrift. Fortsatt finn ein element av gammalt kulturlandskap som m.a. beite- og slåtte-teigar, uteløar, steingardar, eldre busetnad m.m. som vert godt halde vedlike. Randsonane oppover mot fjellet er mange stadar halde i hevd, men pga lavt beitepress står desse i fare for å gro igjen.

Området har eit storslått og vakkert landskapsbilde med store kontrastar. Som turistmål er dette eit av storområda i Møre og Romsdal. Dette kan og vere ein trussel om ein ikkje med varsemnd forvaltar landskapet med busetnad med stor omtanke og respekt slik at nye inngrep tilpassast det eksisterande miljøet.

Hassel- og almeskogen ber preg av manglande skjøtsel og attgroing mange stadar. Desse skogsområda vart tidlegare brukt og tynna og pila er ein del av kulturlandskapet som kan forsvinne. Einskilde, gamle ferdselsvegar i området er og i ferd med å gro igjen. Fortsatt eksisterar gamlevegen opp til Seter, men også den ber preg av attgroing. sjølv om det i dag er noko turtrafikk.

På Øvre Vike er det meininga å kome igang med ein forvaltingsplan. Det beste hadde vore om ein kunne føre tilbake skogsbildet til slik det var da det vart dreve aktiv tønnebandproduksjon. Ved tynning og rydding vert hasselen forynga og nøtteproduksjonen aukar. Det er håp om at ein kan kome fram til ein forvaltingsplan for Øvre Vike som sikrar riktig bruk av området.

KONFLIKTAR

Vegen frå Øverås til Eikesdal har gjort området meir tilgjengeleg for ferdsel og har ført til auke av turistrafikken i området.

Manglande tilrettelegging for den aukande turismen kan få uheldige konsekvensar. Eit døme på dårleg tilpassing er området rundt nedre del av stien opp til Mardalsfossen der det er gjort ein del nybrottsarbeid med fyllingar nær stien opp til Nord-Europas tidlegare

høgste foss. Ei tilsvarande planlegging for den vidare turistutbygginga i Eikesdalen og i området generelt, vil kunne få store konsekvensar for eit verdifullt og sårbart kulturlandskap.

I dag er det meste av området naturskjønt og idyllisk og inneheld mykje interessant og verdifullt kulturlandskap. Ei uvettig planlegging uten tanke for landskapstilpassing, vegetasjon, dyreliv og lokalhistorie, kan medføre at dette preget lett vert øydelagt.

KJELDER:

Grini, P.G og Botten, A. 1991. Registrering av kulturlandskapet i Eikesdalen.

Bygd og by i Norge. Møre og Romsdal. 1977. Red. Pio Larsen.

Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport nr.10. 1992.

Hånde, P. S.. 1969. En plantesosiologisk undersøkelse av lauvskogen i Eikesdalsområdet i Romsdal, med spesiell vekt på hasselskogen. Hovedoppgave ved Det matematiskvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo.

Austigard, B. 1991. Til Eikedalen. Informasjonshäfte for tilreisande. Eikesdal Bygdelaag.




Fig. 31 Øverås med utsyn mot Eikesdalsvatnet



Fig. 32 Nedre del av hasselskogen ved Vikesetra



Fig. 33 Austigard, del av klyngetun i Eikesdalen




EIKESDALEN/ØVERÅS DEL 7.
 Nesset kommune, Møre og Romsdal Fylke

Områdegrense kulturlandskap
 Målestokk = 1:50000 Kartblad: 1319-1 (M711)
500m 1320-2
1km 2km 1419-4

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



↓ forts.



EIKESDALEN/ØVERÅS DEL 2.

Neset kommune, Møre og Romsdal Fylke

----- Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000 Kartblad: 1319-1 (M711)

500m 1320-2

1km 2km 1419-4

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.14 HUSTADVIKA-ATLANTERHAVSVEGEN

Kommune:	Fræna, Eide og Averøy
Kommunenr.:	1548, 1554
Kartblad M711/N50:	1220 I og 1321 III Bremsnes
Landskapsregion:	25. Trøndelags- og Nordmøres kystbygder

OMRÅDESKILDRING

Det avgrensa området omfattar strekninga Bjørnsund, Bud, Hustadvika og Atlanterhavsvegen. Strekninga ligg på den ytre kyststripa på grensa mellom Romsdal og Nordmøre og omfattar delar av kommunane Fræna, Eide og Averøy.

Kyststrekninga er av dei mest utsatte og mest trafikkerte havområda i landet. Naturen er særprega i dette værharde området. I den sørlege delen er dei store, flate strandflateområda med utstrakte myrer som grensar mot høge og bratte fjell karakteristiske. Lenger nord mot Atlanterhavsvegen er det meir berglendt med mange holmar og skjer. Atlanterhavsvegen er ein ny veg som har gjort Averøy landfast. Vegstrekninga går ytst i havgapet og er ein turistatraksjon.

Berggrunnen består for det meste av gneis, men på dei ytre holmane er det eit belte med dioritt og kvartsdioritt. Strandkveke, marehalm og sandstorr har si nordgrense i dette området og bleiksoete si sørgrense.

I sørvestre del av kyststrekninga Hustadvika-Atlanterhavsvegen ligg fiskeværet Bud med restar av eldre kulturlandskap med mange fornminne og kulturminne. Ute i havgapet frå Bud kan ein skimte Bjørnsund, eit fiskevær som vart avfolka i 1971. Fræna kommune er ein av dei største jordbrukskommunane i Møre og Romsdal.

Innafor det avgrensa området er det store naturfaglege interessar av forskjellige typar som mange verdfulle raste- og hekkeområde for fugl, havstrender, marine verneverdige område, naturreservat av internasjonal verdi, verneverdige myrområde, kalkfjell med uvanleg flora, lynghei m.m..

KULTURHISTORIE

Kyststrekninga er svært rik på fornminne og kulturminne og har mange spor etter tidleg busetting heilt frå steinalderen. På strekninga Bud-Vevang er det mange gravrøyser som ligg på bergknausar i kystlandskapet. Den første gardsbusettinga i området var truleg i Hustad-Farstad-området og det har truleg vore fast busetting i området frå slutten av steinalderen. På Hustad har det vore ein kongsgard. Kong Øystein Magnusson døydde her i 1122.

Dei fleste våningshusa på kyststrekninga er av mørelåntypen, er lafta og kledd med panel. Denne hustypen var vanleg frå 1820-åra.

Bud kan føre sine tradisjonar langt tilbake i tid og har i mange år vore eit velstående fiskevær. I 1533 samla den siste siste erkebiskopen i Noreg, Olav Engelbrektsson, bønder og borgarar til det siste riksmøte i Bud i forsøk på å hevde landet sitt sjølvstende. Under siste verdskrig bygde tyskarane eit kystfort midt i Bud, Ergan, som no er restaurert som minnesmerke.

Vest for Bud ligg fiskeværet Bjørnsund som etter nedgangen i sildefiske vart avfolka i midten av 1960-talet. No vert Bjørnsund brukt som feriestad.

Langs med kysten har næringsvegen vore jordbruk og fiske. Dei marginale tilhøva for jordbruk ytterst mot kysten gav ingen utvidingsmoglegheiter og har vore av dei områda som tidlegast vart nedlagt. I dag er det få som driv aktivt jordbruk i yste kyststripa. Klippfiskberg- og rullesteinsstrender har i mange år vore verdifulle område ved kysten. Det er fortsatt spor etter snaue berg. Brenning av tare til jodproduksjon har og vore ei viktig næring fram mot andre verdskrig.

I Hustadområdet finn ein det største bureisingsområdet i landet. Mange gardar vart rydda her i 1920-åra.

Teistklubben er ei gammal loshamn der det truleg har vore losar sidan lostenesta kom i stand i 1720. Sjølve loshamna på Teistklubben med våningshus, sjøhus og loshytte m.m. er svært godt halde vedlike og er i dag freda.

Vevang er eit gammalt fiskevær og Atlanterhavsvegen strekk seg herfrå over ei rekke øyer, holmar og skjær over til Averøy.

FUNN OG KOMMENTARAR

Skutholmen er ein veglaus, busett holme utanfor Vikan, mellom Bud og Hustad. Fram til sommaren-93 har det vore ett par melkekyr på øya. Av melka vart det m.a. produsert smør på staden. Pga. helseproblem har dei no gått over til okser. Delar av holmen er slåttemark og vert slått med ljå. Ein del av slåttemarka vert gjødsla med delvis kompostert fastgjødsla, medan ein del ikkje er gjødsla så langt noverande brukarar veit om. Beiteområda er gjødsla med litt kunstgjødsla og er no prega av eit noko lavt beitepress. Terrenget ligg hovudsakleg lavare enn 10 m o.h. med ope hav utafor (Hustadvika). Jorda er svært grunnlendt.

Ved inventering av området hadde det nettopp vore slått og det har ikkje vore mogleg å få ei fullstendig karplanteliste. Området er relativt artsrikt med omsyn til sopp (Jordal, J. B. og Sivertsen, S. 1992, og Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993). I 1992 vart den sjeldsynte *Geoglossum difforme*, slimjordtunge, funne for første gang i Noreg. Det er ikkje mange (intakte) lokalitetar i verda og arten er akutt trua (Jordal, Sivertsen, S. Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1994). I fleire land er arten utrydda. Truleg finst ikkje soppen på fleire enn ti lokalitetar i heile verda. Arten er foreslått på raudlista for sopp i Europa som akutt trua. I 1993 vart vanleg jordtunge funne i tillegg. I 1992 vart det og funne ein gul, slima vokssoppart *Hygrobe vitellina* som er svært sjeldan.

Område skil seg klårt ut som eit av dei mest spesielle områda med slåtteeing intakt og med lang kontinuitet.

Litl-Lauvøya er ei øy langs Atlanterhavsvegen. Det er her sauebeite i ganske god hevd med ein del gjødsla parti, men og nokre ugjødsla til svakt gjødsla parti. Ein del lynghei finst.

Området er undersøkt med omsyn til sopp på gammal kulturmark (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Det vart her funne to jordtungeartar: Skjelltunge og den ytterst sjeldsynte *Geoglossum difforme*. Dette er andre funn i Noreg av denne arten (er også funne på Skutholmen), og er og truleg den femte kjente, intakte lokaliteten i heile

Skandinavia. Den er tidlegare funne i nokre område i Sverige og Danmark, men desse er i dag øydelagt av gjenvasking og endra skjøtsel. Dei to jordtungeartane tyder på langvarig og kontinueleg hevd. Desse har overlevd i kantområde som er lite gjødsel. Funn av jordtungearten *Geoglossum difforme*, som er akutt trua over heile Europa, gir lokaliteten ein svært høg verdi.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Området har mange fornminne, kulturminne og naturkvalitetar som det er viktig å ta vare på. Det er difor av stor verdi at området forvaltast med stort omsyn til desse interessane. Større inngrep bør tilpassast natur- og kulturtilhøve.

Som kystkulturlandskap med tradisjonell drift og tilhøyrande eit svært verdifullt biologisk mangfald, har Skultholmen høg verdi i nasjonal og internasjonal samanheng. Slåtteenga på Skultholmen bør sikrast skjøtsel for framtida. Økonomisk tilskott til dette bør prioriterast.

KONFLIKTAR

Landskapet på denne kyststrekninga er særprega og inneheld forstøtt mange spor etter ein allsidig kystkultur. Utbygging og større inngrep i landskapet kan vere ein trussel om det ikkje vert tatt omsyn til naturtilhøve, kulturlandskap og historie. Til dømes kan det kan det vere naudsynt med større tilrettelegging for den aukande turismen i området. I samband med dette er viktig med god planlegging og tilpassing til landskapet og historia til dette sårbare kulturlandskapet.

KJELDER

- Jordal, J. B. og Sivertsen, S. 1992. Soppfloraen i noen ugjødsle beitemarker i Møre og Romsdal.
 Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag.
 Sivertsen, S, Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1994. In press. Noen soppfunn i ugjødsle beite- og slåttmarker.
 Rabben, B. 1982. Fokl ved havet. Fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal. Tida fram til 1900.



Fig.34 Skutholmen med fjellet Stemshesten i bakgrunnen



Fig.35 Ljåslått på Skutholmen




Fig. 36 Gravrøyser frå yngre og eldre jernalder på Malefeten




Fig. 37 Torvtaking på Farstad



Fig. 38 Hustadvika med Skutholmen til venstre



Fig. 39 Losstasjonen på Teistklubben



INNE I FURUPARKEN

INNE I FURUPARKEN

INNE I FURUPARKEN

HUSTADVIKA-ATLANTERHAVSVEGEN

Averøy, Eide, Fræna kommuner, Møre og Romsdal fylke

----- Områdegrense kulturlandskap



Kartblad: 1220-1 (M711)
1221-2
1320-4
1321-3



6.15 ØYANE SØR-AUST FOR SMØLA

Kommune:	Smøla
Kartblad M711/N50:	1321 I Smøla
Landskapsregion:	25. Trøndelags og Nordmøres kystbygder

OMRÅDESKILDRING

Området omfattar sørlege delar av Fastsmøla med Edøy og Kuløy og øyane i sør.

Smøla har eit særprega landskap og skil seg ut frå resten av fylket med dei lave, myrlendte flatene og er omgitt av bortimot 3000 øyer, holmar og skjær. Høgste punkt er omlag 70 m o.h. og ligg på Kuli.

Berggrunnen på Smøla består av dioritt og kvartsdioritt med innslag av vulkanske bergartar, ymse devonske konglomeratar og fossilførande kalkstein. Den dominerande bergarten elles i fylket er gneis.

Det er berre nokre få øyar medrekna Kuløy og Edøy som skil seg ut frå resten av Smøla ved at berggrunnen består av konglomerat og sandstein.

Ein rekner med at det meste av Smøla stod under havet rett etter siste istid. Eit av dei områda som først stakk opp over havflata var dei høgste områda på Kuløy.

Fiske har lenge vore den viktigaste næringsvegen på Smøla. For omlag femti år sidan vart mykje av dei store myrområda på øya oppdyrka. Slik er den den viktigaste næringsvegen i dag vorte like mykje jordbruk som fiske. Særleg er Smøla kjent for gulrot dyrking.

Kuli og Edøy vart knytta til Fastsmøla i 1989.

På Sørsmøla begynte busettinga å strekke seg utover på øyane som til dømes Arnøya sør for Kuli på 1500-1600-talet (Smøla bygdebok I).

På Fastsmøla var det store nydyrkingsområde tilknytta Ny jord på 1920-talet der store myrområde på indre delar av Fastsmøla vart dyrka opp.

KULTURHISTORIE

Den første busettinga etter istida reknar ein med slo seg ned på Kuløy. Det er funne mange fornminne frå ymse periodar i forhistorisk tid. Det er gjort nokre få steinalderfunn på Kuløy. Dei mest markerte er gravminne truleg frå jernalderen. Kuli er av dei eldste og største gardane på Smøla og kan daterast til før 600 år før Kr. Det er truleg at garden har vore eit lokalt høvdingesete i før kristen tid og at det truleg kom i kongens eige i dei urolege åra under rikssamlinga. Dei eldste opplysingane om eigedomstilhøva er frå 1586.

På Kuløya står det ein kopi av Kulisteinen, ein runestein frå omlag år 1000 e. Kr. Dette er eit av dei tidlegaste kristne monument i Noreg. Ut i frå det ein kjenner er det her at namnet Noreg er her nemnt for første gong. Det vart i 1985 gravd ut eit antatt veganlegg over ei myr i nærleike av steinen. Dette er datert til omlag 1000 år e.Kr.

Først på 1600-talet var Brattværet den viktigaste tingstaden for Smøla. Ved Sol skjell har det vore to slag gjennom tida.

FUNN OG KOMMENTARAR

Rønningen, Kuli (MR 534189)

Øya er omlag 4km og ligg sør for Fastsmøla. Kuløy har eit vakkert, heilheitleg og gammalt kulturlandskap med historie bakover til steinalder og vikingtida.

Nord og vestsida av øya er stort sett dekkja av fattig, oseanisk lynghei og myr. Store delar av øya er heilandskap. Det er ein gradvis overgang mellom eng-beite og lynghei der røsslyng dominerar. Lyngområdet i sør og nordaust vert brent kvart femte år. Det er funne m.a. storblåfjør, vanleg øyentrøst, blåklokke, harerug, heiblåfjør, ryllik, kystmyrklegg, smalkjempe og sjølsagt røsslyng her. Heile øya nyttast til beite i dag. Dei engene som vert slått er natureng og er ikkje tilsådd med frøblanding. Her vart det m.a. funne hanekam.

Ei beitemark er undersøkt med omsyn til både sopp og karplanter. Beitemarka er ei kalkfattig tørreng av jordnøtt-type. Ved sida av jordnøtt veks m.a. blåklokke, gulaks, engkall, harerug, ryllik og vanleg øyentrøst og einer, d.v.s. fleire artar knytta til gammal kulturmark. Marka er beita av sauer og storfe og beitetrykket er godt. Området er *artsrikt med omsyn til sopp. Skarlagenvokssopp og funn av den sjeldsynte sleip jordtunge og grå narremusserong gjev lokaliteten høg verdi (Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992).*

På austsida av øya, like ved garden Kuli står verdens nordlegaste eikeforekomst. Om den er planta eller tilfeldig innført i førhistorisk tid eller om den er ein rest etter eit større edellauvskogsområde i området, veit ein ikkje sikkert (Marker 1977).

I dag er det nokre få gardar på øya, men berre ein er i drift. og her vert det no dreve med storfe og sau. Ein del av husa er i forfall og det er gjort ein del inngrep i desse i nyare tid.

Edøy

Edøya er ei stor øy som ligg aust for Kuli. Øya har ei historie langt tilbake til jernalderen og har vore svært viktig frå før vikingetida. Det har vore eit kongsete her, sysselmann og fogdegard. Øya er i dag rik på fornminne og har mange gravrøyser og middelalderkirke.

Edøy gard er eit firkant-tun med gamle bygningar som består av hovudbygning, Bårdsstua, driftsbygning og redskapshus. Den eldste delen er frå slutten av 1700-talet og er godt bevart. Spor etter gamle hus er blottlagt under 15 cm tjukk torvlag.

Det er i dag moderne gardsdrift med ein del nydyrking. Området er særleg kjent for gulrotproduksjon. Det er få spor av gammal jordbruksdrift. Øya er mest interessant i kulturhistorisk samanheng. Det er lite av botanisk interesse på øya.

På Storhaverøya går det villsau. Her er det og sauebeite om vinteren. Villsauen er av gammal norsk rase.

Joarnøya (UTM: MR 4317), Blåsvær (UTM: 4616-4716), Buarnøya (UTM: MR 4716-4817) og Arnøya (UTM: MR 4816-4916).

Alle øyene ligg i skjergarden sørvest for Fast-Smøla. Områda har delvis rik vegetasjon, delvis gammal kulturmark og naturleg vegetasjon. Det er i området ein variert hekkefuglfauna av ulike kystfuglartar, fjørfellingsområde for grågås og ender og viktig overvintringsområde for våtmarksfugl.

Joøya

Joøya vart fråflytta i 1960.-åra. Det er i dag to hytter på øya, ingen av dei gamle bygningane er igjen. Øya vert i dag beita av sau og grågås, men beitetrykket er lavt. Vegetasjonen er dominert av vekslande gras- og lynghei og mellom knausane er det delvis myr. Grasheia er i gjengroingfase ved sida av sølvbunke ser lyngen ut til å vere på frammarsj. Det er oppslag av rogn og ørevier.

Det vart funne nokre vokssoppantar og småkøllesopp Av karplantar vart det funne m.a.harerug, smalkjempe, nyperose og einer, men p.g.a. at gjengroinga har kommet så langt vil lokaliteten vere av relativt liten interesse.

Blåsvær.

Holmen er ubebyggd. Berggrunnen består av konglomerat og eit segn fortel at konglomeratet som ein finn på nokre øyar er spor etter ei trollkjerring som sendte hagl etter Petter Dass. Jordsmonnet har truleg innslag av kalk. I perioden 1947-1962 har grasheia vore gjødsla, truleg med salpeter (Knut Arnøy). Vegetasjonen er grasdominert og relativt artsrik med omsyn til karplantar. Ved sida av karplantar som beitesveve, ryllik, gulaks, smalkjempe, legeveronika, vart det m.a. funne 12 vokssoppantar. Mest interessant var den sjeldsynte *Hygrocybe quita*. Det vart og funne ein kalkindikatorart, gul småfingersopp (Jordal, J.B.og Gaarder, G. 1993).

Buarnøya

Øya er omlag 2 km lang, den er berglendt med lite lausmassar. Øya er nesten attgrodd av høgvekst røsslyng, men nokre mindre grasområde finst og desse er beita av sau. Det vart funne havsivaks under registreringa, og den er "ny" for Møre og Romsdal (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). P.g.a.høg attgroing er lokaliteten ikkje av stor interesse.

Arnøya

Tidlegare lå det to gardsbruk på Arnøya. Det eine var busatt fram til 1967. Det var post og telefon her. I dag er det eine bruket godt halde vedlike og vert nytta som feriestad. Det andre er ikkje halde ved like og er i dårleg forfatning. Store delar av øya er gras- og lynghei, stadvis med godt jordsmonn. Store delar av øya er beita av sau og er i god hevd. Innmarka vart gjødsla med kunstgjødsel i ein periode fram til midten av 1960-talet.

Fleire interessante funn av sopp vart gjort: To jordtungeartar, 12 vokssopp-og tre småkøllesopp vart funne. Vokssoppen *Hygrocybe vitellina* er den mest sjeldsynte og spesielle og er funne fire stadar i Møre og Romsdal og har til no si nordgrense her. Av karplantar vart det funne meir trivielle artar knytta til gras- og lynghei. Utifrå registreringane av dei beita kystholmane på Smøla, var denne øya den mest interessante med omsyn til sopp (Jordal, J.B: og Gaarder, G. 1993).

Elvegarden UTM: MR 513247-515247

Området er lite og det undersøkte området er ei beitemark som ligg ved vegen vest for Elvegarden på Sørsmøla. Beitet ligg på kalkstein og vert nytta til storfefeite. Området er i god hevd. Det er funne gulsildre, vill-lin, fjellfrøstjerne, flekkmure, jåblom og rundbelg her og vidare fleire interessante sopp som russelærvokssopp, gul småfingersopp, meldraudskivesopp (sjeldsynt) og nordlegaste funn av *Hygrocybe quita* (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Det er knytta store biologiske verdiar til området p.g.a. kalkinnhaldet i jordsmonnet. I Møre og Romsdal er det sjeldsynt med beitemark på kalkstein, og som kulturlandskapselement er slike lokalitetar truleg i tilbakegang i heile landet. Området har difor stor verdi og bør undersøkast nærmare.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Av dei undersøkte områda er det fleire svært interessante område. Smøla har spesielle naturtilhøve som er annleis enn alt anna i Møre og Romsdal. Området er stort og med omsyn til kulturlandskapet er det knytta store verdier. Dei fråflytta fiskeværa Hallarøya, Ringsøya og Brattværet bør undersøkast i det vidare arbeidet.

KONFLIKTAR

Attgroing av kulturmarkane er ein trussel for dei biologiske kvalitetane som er funne.

KJELDER

Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992. Soppfloraen i noen ugjødsle beitemarker i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
Smøla bygdebok I. Utviklinga fram til år 1700. Gards og ættesoge for Ytre Roksvåg-Vikan 1981.
Marker 1977. Notater i Møre og Romsdal.



Fig. 40 Grashei på Kuli



Fig. 41 Ringsøya

6.16 TAUTRA

Kommune:	Midsund
Kommunenr.:	1545
Kartblad M711/N50:	1220 II Vestnes
Landskapsregion:	26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag

OMRÅDESKILDRING

Tautra er ei øy sør for Otrøya midt i Romsdalsfjorden. Berggrunnen består av sedimentære bergartar og truleg er det eit visst kalkinnslag i jordsmonnet. Kulturlandskapet på øya er svært variert med fragment av ulike kulturmarkstypar som lynghei, tresatt hagemark og beitemark med einer i vest, strandeng og hasselskog i midtre delar av øya og i aust lynghei med kystfuruskog.

Det ligg fem gardsbruk midt på øya med tilhøyrande åkerareal. I dag er berre eit busett. Gardane som no stort sett er nytta som feriestad, er godt halden i hevd og markane rundt er systematisk slått.

Plasseringa av gardstuna sentralt på øya er sannsynlegvis eit resultat av utskiftinga på 1800-talet, nærare bestemt rundt 1860. Tidlegare låg det to gardsbruk på sørsida. Husa på denne delen av øya er registrert i SEFRAK-registeret (Nyare tids kulturminne) og ingen av desse har høg individuell verneverdi. Verdien ligg i heilskapen, der det samla bustadmiljøet med bygningsmønsteret i tun, klynger eller rekker med adskilte eigedomar på dei opne områda sentralt på øya.

KULTURHISTORIE

Det er gjort ei rekke steinalder- og bronsealderfunn på øya. Desse funna er stort sett innafor det midtre partiet på sørsida. Utifrå fornminneregistreringane er det truleg at den tidlegaste jorbruksbusettinga låg her. Dei øvre partia av øya, der innmarka ligg i dag, har sannsynleg vore utmark og beiteareal saman med utmarksområda som ein i dag finn på aust og vestsida. Lyngheiområda her er truleg fleire tusen år gammal. Det er og gjort kultfunn på Tautra. Dette kan tyde på at øya var ein sentral plass i førkristen tid (Innberetning / registrering av fornminne, Møre og Romsdal fylkeskommune. 1993).

I Snorre si beretning om Magnus Erlingssons saga vert det fortalt at Håkon Herdebrei var nokre netter i kaupangen Veøy og drog så ut fjorden og slo leir på ei øy, noko som truleg har vore Tautra (Larsen, P. red. 1977).

FUNN OG KOMMENTARAR

På sørsida av Tautra er det ei varmekjær li med hasselkratt som fortsatt vert halde i hevd. På sørsida vart det sporadisk funne kusymre, kaprifol, vill-lin, lodnestorkenebb, blåfjær og vivendel.

Ei beitemark med einer og ei strandeng, begge ved kaia på nordsida av Tautra, er registrert med omsyn til karplanter og sopp på kulturmark. Området er i god hevd og er fortsatt beita av sau. M.a. vart vill-lin funne her. Undersøkingane vart gjort etter ei frostnatt og etter ein langvarig tørkeperiode, noko som satte si begrensing på artsregistreringane. Området bør undersøkast meir.

På vestenden av øya er det store sauebeite med einer og lyng. Einer vert forsatt rydda og brent. Beitetrykket er godt på denne delen av øya. Det vart her funne tre jordtungeartar som indikerar langvarig hevd (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

Øya har gjennom tidene vore sett på som svært interessant med omsyn til botanikk. Nordhagen har m.a. gjort registreringar her.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Registreringane vart gjort seint på hausten og satte si begrensing med omsyn til artsregistreringane av plantar og sopp. Tautra er m.a kjent for sin spesielle flora som kan dokumenterast som svært interessant. Det spesielle ved øya er det store mangfald i kuturmarkstypar og det heilskapelege bustadmiljøet ved sidan av mange fornminne.

KONFLIKTAR

Ein reguleringsplan er under utarbeiding p.g.a. konfliktar med omsyn til hyttebygging.

KJELDER

Larsen, P.(red.) 1977. Møre og Romsdal. Bygd og by i Norge.

Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavd.. Innberetning /registerring av fornminne i sambandmed utarbeiding av reguleringsplan 1993.

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i ein del naturbeitemarkar og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag



Fig.42 Lynghehei på sørvestre del av Tautra




Fig.43 Beitemark på sørsida av Tautra.



TAUTRA

Midsund kommune, Møre og Romsdal Fylke




Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000

Kartblad: 1220 -2 (M711)

500m



Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.17 GANGNAT

Kommune: Gjemnes
Kartblad M711/N50: 1320 I Tingvoll, UTM-koordinatar: MQ5478
Landskapsregion: Fjordbygder i Møre og Trøndelag

OMRÅDESKILDRING

Gagnat ligg vakkert til på vestsida av Tingvollfjorden ved ei djup bukt som er avgrensa av to nes. Store delar av dette landskapet er beitemark. Dei to gardane som ligg der driv i dag med moderne gardsdrift. Våningshusa er av trønderlån-typen og det ligg eit gammalt stabbur og låve der.

KULTURHISTORIE

Frå gammalt av har Gagnat vore ein tingplass. I 1645 budde ein lensmann her. Ei noko tragisk historie er og knytta til staden då Ola Johnson og stedottera hans, Magnhild Andersdotter Flemsæterhaug, etter dom om blodskam frå høgsterett vart halshogd på Gagnatneset i 1752. Hodene deira vart satt på godt synlege stakar slik at folk såg dei når dei rodde til kirka på Tingvoll.

FUNN OG KOMMENTARAR

Spesiell er einerbakkane som grensar øvst til vegen og til dyrkamarka, og nedst mot sjøen og det indre Gagnatneset.

Enga er kalkfattig tørreng og fukteng, nokre opne område og mykje av området er tilvaks med einer, kjøttnype, bjørk og rogn og i kantane furu. Eit sommarfjøs står i austre del av området. Undersøkingar av sopp på kulturmark syner at dette er den mest artsrike lokaliteten som til no er registrert i Møre og Romsdal når det gjeld sopp (Jordal, J. B., 1992 og Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Det er funne 49 grasmarkartar og som beitemark er denne den beste blant dei vel hundre besøkte lokalitetane. Ein av dei artane som vart funne er den akutt trua jordtungearten *Geoglossum hakelieri*. Den er bare kjent frå nokre lokalitetar i Noreg og i Sverige og er aldri funne utanfor Norden. Soppen er akutt trua (pers.med. John Bjarne Jordal). Jordtungar er oftast knytta til beitemark med lang kontinuitet. Lokaliteten er tidlegare vurdert til å ha nasjonal biologisk verdi utifrå klassisifiseringa til Jordal og Gaarder (1993). Nye opplysingar gjer funna meir eksklusiv. Soppen er berre kjent frå fire lokalitetar i verda. Av desse er tre lokalitetar i Noreg.

Foruten soppene er einerbakkar som fortsatt er halden i god hevd og med høgvekste søyle-einer, svært sjeldan i Møre og Romsdal. Når det gjeld karplantane var artssamansetjinga ikkje så stor som ein kanskje skulle forvente. Einerbakken inneheldt artar som blåklokke, prestekrage, blåknapp, tepperot, gulaks, sølvbunke, bringebær og nype m.m..

Beitepresset ser ut til å vere tilstrekkeleg for å halde marka i hevd.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Gagnat bør få ein skjøtselsplan der ein sikrer fortsatt beiting og noko uttynning av eineren. Beitemarka må ikkje gjødslast med kunstgjødsel.

Ein bør gå inn med økonomisk tilskott og skjøtselsplan som sikrer fortsatt riktig bruk av området.

KONFLIKTAR

Gjengroing og endra bruk er ein trussel mot artssamansetjinga på beitemarka.

KJELDER


Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993: Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag



Fig.44 Einerbakke på Gagnat



Fig.45 Bustadhus på Gagnat



GAGNAT

Gjemnes kommune, Møre og Romsdal Fylke



Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000

Kartblad: 1320-1 (M711)



Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



6.18 GRØVUVASSDRAGET

Kommune: Sunndal
Kartblad M711/N50: 1419 I og 1420 II
Landskapsregion: 28. Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

OMRÅDESKILDRING

Grøvuvasdraget ligg i grenseområdet lengst aust i Sunndal kommune mot Sør-Trøndelag og Oppland. Karakteristisk for området er dei mange gamle setervollane og fjellgardane. Ei seter og fleire fjellgardar er fortsatt i aktiv drift og store område vert nytta til beiting. Området har vore truga med vassdragsutbygging. Det er i mange år vore drevet naturvitskaplege undersøkingane her. Dei har avdekka ei interessant naturhistorie på mange fagområde. Området er eit mykje nytta turmål sommar og vinter.

Berggrunnen inneheld kalkrike kambrosiluriske bergartar., eokambiske skifre og prekambrisk gneis. Landskapet er dominert av fjell og dalar forma av isbrear.

KULTURHISTORIE

Ein veit ikkje med sikkerheit når den første busetnaden kom i Grøvudalen. Det er funne mange fornminne som dyregraver, gamle hustufter o.l som er vanskeleg å tidfeste. I samband med arkeologiske registreringar (DKNVS museet i Trondheim 1979) er det m.a. i Grøvudalen funne ein interesssant steinalderbuplass ved Litlevatnet. Buplassen er truleg frå omlag 2000 år f. Kr. Helst har dette vore ein buplass for fangstfolk som har flytta omkring og dreve jakt. Påvisinga av denne og andre steinalderbuplassar kan dokumentere at det har vore folk her frå langt tilbake i tida. Det er og påvist gravrøyser i Grøvudalen (Grøvuvasdraget natur og kultur).

Svisdal og Jenstad er dei eldste fjellgardane langs Grøvu. Truleg er dei oppført i yngre jernalder, altså før år 1000. Hafsåsen og Svøu er sannsynleg noko yngre.

På 1600-talet var det truleg to gardsbruk innafor Gammalsetra, på Haulalykkja. Det vert sagt at folket her kom frå Dovre. Jordbruk har det ikkje vore råd å drive på denne plassen, men det var tilhøve for beite og slåttemark for husdyrhald.

Det går ein gammal veg gjennom Grøvudalen frå Sunndalen til bygdene i sør. Sannsynleg har det i dette området vore god kontakt med Lesja, Dovre og andre bygder i Gudbrandsdalen så langt tilbake som i jernalderen. I Grøvudalen var det fastbuande folk på 1600-1700 talet og nesten alle hadde røter i Gudbrandsdalen.

På slutten av 1700-talet ekspanderte seterbruket i høgfjellsdalane. Det kan vere eldre setrer i områder frå mellomalderen, men ein kjenner ingen eldre enn frå 1700-talet der. Utover på 1800-talet var det omfattande mange husmenn i Grøvudalen. På same tid var det ein periode med gruvedrift i Grøvudalen og det hadde nok sitt å si for busettinga der. Dei fleste husmenn hadde også ein jordlapp og nokre husdyr. Eit særstyn for området er og at ein del av husmennene budde på setrene om vinteren. Om sommaren måtte dei flytte til små steinbuer medan bøndene sjølv fikk ha seterhusa. Husmennene måtte finne for til dyra i utmarka og det medførte ei intensiv utnytting av naturen i området. Eit gode for dei heilårsbusette var at det p.g.a. naturtilhøve var lite snø i dalen om vinteren så dyra kunne gå ute i store delar av året. Det var lite åkerbruk (Grøvuvasdraget natur og kultur).

Utover på 1800-talet vart dei fleire og fleire husmenn i dalen. Dei større gardane vart delt opp og fleire små plassar vart rydda. Først på slutten av 1800 starta avfolkinga. I likheit med mange folk i Noreg, emigrerte ein stor del av folket til Amerika.

Det har vore ei intensiv utnytting av dette fjellområdet. Hundretal av setrerar vitnar om ein enorm aktivitet. Jakt, fiske og fangst har og vore ei viktig næring både for dei fastbuande og andre.

Utover på 1900-talet kom det store buskappar på beiting ved sida av dei husdyra som husmennene hadde. Sauene gikk på høgfjelet, kyrne i liene og hestene lengre ned i dalene.

Etter siste verdkrig vart mange av setrene nedlagt. Framleis er det berre ei att som er dreve på gamlemåten med fullt seterbruk dvs. kinning og ysting. Det er ikkje mange slike setrar igjen i landet. Kurs i seterbruk har kvart år vore halde på Gammalsetra i Grøvdalen sidan 1972.

Fjellbeitet i Grøvdalen har vore verdifullt både når det gjeld kvalitet og lengda på beitetida. Berggrunnen er næringsrik og har gitt vekstvilkår for mange plantar. Klimaet har og vore godt med lite nedbør og varme somrar. Beiteprefererende artar har spreidd seg gjennom aktivt husdyrhald og lav og lyng er blitt fortrenkt.

Det har vore vanleg med tre månaders setringstid i dette dalføret. Samanlikna med andre område i fylket, er dette uvanleg lenge. Før var Grøvdalen mest nytta til beite av kyr, ungdyr og hest. Sauane gikk på høgfjellet. I dag er det mindre beitepress i dalen og sauene har meir eller mindre overtatt plassane etter kyrne i dalen og liene. Dei beste beiteområda ligg og i dalbotnen.

Området er eit mykje nytta ekskursjonsområde for studiar av vegetasjon, klima og geologisk historie. Det er funne ein svært stor artsrikdom av karplanter knytta til området rundt Grøvuassdraget. Omlag 434 artar er registrert (Jordal, J.B. 1993). Området er eit møtepunkt mellom kyst- og innlandplanter og av sørlege og alpine elementar. I delar av området er det kalkhaldig jordsmonn og her er det registrert ein auking i artsmangfaldet. Over 330 karplanteartar er funne i Grøvdalen over 800 m o.h. (op.cit).

FUNN OG KOMMENTARAR

På austsida av dalen ved Gammalsetra har det utvikla seg ein vegetasjonstype med åpne grasvollar som ikkje er tresatt. Dette er eit resultat av fleire hundreårs utnytting i form av rydding, slått og beiting. Ein rekke plantar favorisert av beiting, har etablert seg og skapt denne vegetasjonstypen.

Vanlege artar på beitemarkane er:

Fjellfrøstjerne, sauesvingel, gulaks, engkvein, smyle, stivstarr, fjellfrøstjerne, harerug, sveve- og løvetannsartar, ryllik, fjellmarikåpe.

Seterløkkene utgjør små areal, men har høg beiteverdi og utgjør difor viktige beiteområde. Skogen er og mange stadar prega av beiting. Høgstaudane vert da erstatta av gras. På elveflatane i dalbotnen finn ein mosaikksamfunn frå tørre til fuktige parti. Over skoggrensa finn ein reinrosehei, lågurteng og høgstaudeeng. Dette terrenget er berre

tilgjengeleg for sau. Sauen kan beite i ulike høgdesoner og kan få tilgang på ferskt gras etterkvart som snøen smeltar i fjellet (Grøvuassdraget natur og kultur).

Svisdal / Sveen (Svøu)

Dette er to fjellgarder som er annleis enn det meste i Møre og Romsdal. Gardane ligg oppe i fjellet ved elva Grødøla, omlag 600 m o.h.. Svisdal er nemnt for første gong i skriftlege kjelder i 1559, men mykje tyder på at garden var bebudd tidlegare. Gardane Svisdal og Sveen (Svøu) har truleg tilhøyrd ein gard. Gardane har mange gamle gardshus som er halde i hevd. Området er særleg interessant og det er i observert artsrike prestekrageenger som bør undersøkast i det vidare arbeidet.

Det er gjort registreringar med omsyn til sopp på gammal kulturmark på Middagshjellen, Hafsåsen og Vangan i Grødalen.

Hafsåsen UTM: MQ 993321

Ei mindre beitemark er undersøkt med omsyn til sopp på kulturmark (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Marka ligg ved vegen på åsen mellom Hafsåsen og Grødalen. Den vert beita av sau og er i god hevd. Den er truleg ikkje gjødsla. Det er funne hårstjernemose som indikerer kalkinnhald i jordsmonnet. Vidare er det funne gul småfingersopp, vokssopp, dvergmelsopp og fire rødskevessopp. Den eine, *Entoloma caeruleopolitum*. Det er her aktuelt med fleire undersøkingar.

Middagshjellen UTM: NQ 045295

Det undersøkte området er ein stor grusterrasse med fleire setre i møtet mellom Lindalen og Reppdalen. Området har ein langvarig beitetradisjon sjølv om store areal er dyrkamark i dag. Setervollene er truleg ikkje gjødsla. Jordsmonnet har truleg noko kalkinnslag. Plantesamfunna er interessant og det er m.a. - funne haustmarinøkkel som tyder på langvarig og god hevd. Det er funne mørkskjellet vokssopp her (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

Vangan UTM: MQ 981339

Vangan er ei stor setergrend med fleire setre. Det er fleire spreidde tre i utkanten. Truleg er området lang tradisjon med beiting utan at det er gjødsla i seinare tid. Område er beita av sau og tidlegare var det og truleg storfe. Setrene ligg i kambrosilurbelte og har kalkhaldig jordsmonn. Funn av bakkesøte, vanleg marinøkkel og fjellmarinøkkel er registrert. Alle desse er gode beiteindikatorar.

Fleire soppartar er også funne. Av desse er *Entoloma caeruleopolitum* den mest spesielle (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Beiteområdet er i god hevd og har p.g.a. kalkinnhald og særleg interessante karplantefunn, stor biologisk verdi og bør undersøkast vidare.

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

I det avgrensa området er det funne store naturfaglege og kulturelle verdiar som det er viktig å ta vare på. Det er difor av stor verdi at området forvaltast med omsyn til desse interessane. Området er stort og det er naudsynt å gjere fleire og meir detaljerte kulturlandskaps-registreringar. Det kan og vere aktuelt å lage skjøtseleplanar for å sikre riktig bruk av områda. Av særleg interesse er lokalitetane som ligg på kalkrik grunn.

KONFLIKTAR

Området må i framtida sikrast riktig skjøtsel for å ivareta dei biologiske kvalitetane.

KJELDER

Grøvuassdraget natur og kultur. Utgjevar: Aksjon varig vern av Grøvu v/ Tor Helge Gravem. 1983.

Hansen, I., Innvik, P.E. og Svinsås, G. og Ulvund; A. Sunndal vill og vakker.

Jordal, J.B. Excursion guide: Grøvdalen-Åmotan. Artic Global Change Conference. Oppdal, Norway 21-26 August 1993. NINA.




Fig. 46 Heim frå Grøvudalen

Foto: John Bjarne Jordal




Fig. 47 Grøvudalen


Foto: John Bjarne Jordal



GRØVVASSDRAGET
 Sunndal kommune, Møre og Romsdal fylke


 Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000
 500m



Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994

Kartblad: 1419-1 (M711)
 1420-2



6.19 NORDMARKA

Kommune: Surnadal-Rindal
Kartblad M711/N50: 1421 II
Landskapsregion: Dal- og fjellbygder i Sør- Trøndelag

OMRÅDESKILDRING

Surnadal og Rindal er av dei rikaste jordbrukskommunane i Møre og Romsdal. Landformene på Nordmøre glir over frå dei skarpe vestlandske formene til dei rundare "trønderske".

Surnadal er av det mest "trønderske" vi har i fylket med det vide og breie dalføret. Nordmarka ligg som ein stor terrasse nord for den breie Surnadalen. Det meste av området ligg på omlag 400 m o.h.. Berggrunnen består av sedimentære- og vulkanske forbindelsar. Dette er sediment som opprinneleg er avsatt på havbotn. Sedimentane høyrer til Trondheimsfeltet. Det er lite lausmassar her, og følgjeleg er Nordmarka eit marginalt jordbruksområde. Likevel var det i eldre tid fleire såkalla markagardar her. Mange av dei vart seinare nytta som setrar. Universitetet i Trondheim har gjort botaniske undersøkingar i området (Moen, A. 1969 b). Området har mange gode fiskevatn og er i dag eit mykje nytta turområde.

KULTURHISTORIE

Ressursane i utmarka var ein svært viktig del av det gamle jordbruket. I utmarka vart det henta torv, ved, gras, mose, bork og lauv.

Todalen, Surnadal og Rindal er dei bygdene på Nordmøre som har dei rikaste tradisjonane når det gjeld markaslått på Nordmøre (Tvinnereim, J. 1992). Markaslåtten var den viktigaste delen av forsankinga på gardane fram til omlegginga av gardsdrifta tok til på alvor på slutten av 1800-talet. Høyet vart køyrt heim på etterjulsvinteren med hest og dragarkjelke.

I mange bygder hadde kvart gardsbruk si eiga seter fram til andre verdskrig. Til og med husmennene eigde sine eigne setrar. Avviklinga av seterdrifta starta så smått i mellomkrigstida. Årsaka til dette var meieridrift og mekanisering. Dei fleste setrane låg ikkje så svært langt frå garden med unntak av Tellesbø som hadde setrane sine så langt som ei mil opp i fjellet.

FUNN OG KOMMENTARAR

Registrerte lokalitetar innafør område:

Nokre av setrane skil seg særleg ut med omsyn til biologisk mangfald på kulturmark og er undersøkt av Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993. Desse områda er: Bjønnahaugen, Tellesbøsetra, Erkgarden og Austergardssetra.

Bjønnahaugen UTM: MQ 900893

Dette er ein liten setervoll under gjenvaksing med litt buskar frå kantane. Området vert beita av sau. Beitetrykket er noko lavt.

Tellesbøsetra UTM: MQ 919889

Dette er ein setervoll som ligg langs vegen over Nordmarka. Den vert beita av sau og er i god hevd. Ho er truleg lite eller ikkje gjødsla og har nokre bratte parti og ein del bjørkeskog busker. Vollen er gjennomskoren av vegen, og det finaste partiet er ganske

lite. Tellesbøsetra ligg i kalkområdet på Nordmarka, og har ein ganske rik karplanteflora. Funn avskjelljordtunge tyder på hevd og kontinuitet (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993), men området er svært lite.

Erkgarden UTM: MQ 950897

Opprinneleg er Erkgarden ein gammal markagard som vart fråflytta så tidleg som i 1720-åra (Hyldbakk, H. 1975). Seinare vart garden seld og delt til mange partar for å bli nytta som seterhamn og markeng. Det står fleire gamle hus her i dag som tyder på gammal busetting og drift. Den undersøkte lokaliteten ligg som ein ganske stor setervoll langs med vegen over Nordmarka. Den vert no beita av sau og er i god hevd. Den er truleg lite eller ikkje gjødsla. Erkgarden ligg og i kalkområdet på Nordmarka og har ganske rik vegetasjon. Jordal og Gaarder (1993) fann ein jordtungeart, fleire vokssoppar og småkøllesopp her.

Austergardssetra NO 009909

Austergarden var den siste som vart avfolka på Nordmarka. Det var her samanhengande drift frå 1600-talet.

Området som er undersøkt er store setervollar på kalkhaldig grunn. Karplantefloraen tyder på eit tidleg stadium av gjenvasking. Det var m.a. mykje perikum og generelt høgvekst vegetasjon. Ein hest beita på området under vitjinga.

Den sjeldsynte soppen sauevokssopp vart funne her ved sidan av fleire svært interessante artar: fiolett reinkøllesopp, honningvokssopp, fjellkremle og *Entoloma cf. fuscotomentosum* (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

Fleire område inngår i utkast til verneplan for myr. Områda er Tågdalen (sjå kart, skravert felt nr.1), Høgmyran (skravert felt nr.2) og Grønkjølen (skravert felt nr.3). Alle desse er tidlegare slåttemyrer.

Rik bakkemyr dekker store areal i Tågdalen. Kjeldevegetasjonen er rik og variert. Totalt er lokaliteten svært artsrik med ein rekkje suboseaniske artar og rikmyrplantar som klokkelyng, myrtevier, grønkurle, engmarihand, fjellmarihand, breiflangre, brudespore, kvitkurle, myrkråkefot, kystmyrklegg, vanleg nattfiol, grov nattfiol og heiblåfjør (Utkast til verneplan for myr. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1988).

Tågdalen vart nytta til slått fram til 1955. Innafor området Grønkjølen var det vanleg å slå ca. 30 vinterlass med høy (ca. 10 tonn). Myrene vart vanlegvis slått kvart tredje år (Moen, A. 1984). Fleire høyløer står til nedfall.

Lokaliteten er blant den einaste i vernplan for myr som har verneverdi som nasjonalt spesialområde p.g.a. usedvanleg rik flora og mange planteartar (Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Utkast til verneplan for myr 1988.).

VIDARE ARBEID OG KONKLUSJON

Blant alle områda er det spesielt Austergardssetra og Tågdalen som skil seg ut i særklasse. Det vart tilsaman funne fem soppartar på Austergardsetra, og alle desse var svært interessante og tyder på langvarig og god kontinuerlig hevd. Funn av indikatorsoppen sauevokssopp, er svært sjeldan og er hittil den einaste lokaliteten i fylket

ein kjenner til i nyare tid. Med dei rådande prosessar i kulturlandskapet kan den snart vere utryddingstrua i heile Skandinavia.

Tågdalen vil gjennom verneplanen for myr sikrast med omsyn til brukskonfliktar. Med omsyn til skjøtsel bør det avklarast med vidare undersøkingar.

Alle områda med unntak av Bjønnahaugen bør undersøkast med omsyn til karplanteinnhald. Beitetrykket på Austergardssetra bør aukast for å halde fast ved det verdifulle artsmangfaldet. Sauevokssoppen er sannsynleg trua om ikkje det skjer (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Vidare er det viktig å gjere fleire undersøkingar eit anna år med omsyn til soppfloraen. Desse undersøkingane kan gje grunnlag for ein skjøtelsplan for området.

Det kan heller ikkje utelukkast at det fins fleire setrar med viktige kulturminne og kulturmarkstypar tilknytta tradisjonane på Nordmøre. Det vert difor tilrådd at slike registreringar og vert gjort i større detalj innafor det avgrensa området.

KONFLIKTAR

Gjengroing ved endra bruk av områda er ein trussel. Vidare kan områda i framtida vere aktuell for hyttebygging og eventuell tilplanting av skog.

KJELDER:

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993: Soppfloraen i ein del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag.

Hyldbakk, H. 1975: Setrane i Surnadal.

Moen, A. 1969 b. Subalpine slåttemyrer på Nordmarka, Nordmøre. - Myrers økologi og hydrologi, IHD. rapp. 1.

Moen, A. 1984: Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrrservatplanen. K.norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1984-5.




Fig.48 Austergardsetra, Nordmarka

Foto: John Bjarne Jordal



Fig.49 Austergardssetra

Foto: John Bjarne Jordal



NORDMARKA
Surnadal kommune, Møre og Romsdal Fylke


----- Områdegrense kulturlandskap

Målestokk = 1:50000
500m

Kartblad: 1421-2 (M711)

1km 2km

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, februar 1994



7. Kommenterar og vidare arbeid

I dette prosjektet har det i stor grad vore fokusert på floraen knytta til gamle kulturmarker i det eldre jordbrukslandskapet. Men i kulturlandskapet lever ei stor gruppe levande organismar som meir eller mindre er prega av menneska sin bruk av områda. Såleis utgjer floraen berre ein del av det biologiske mangfaldet.

Floraen i det gamle kulturlandskapet med eldre driftsformer er noko av den mest artsrike i Noreg. Alle organismar i naturen er bunden saman med jordstruktur og jordbotnfauna på ein eller annan måte. Driftsformane har difor stor påverking på kva for levande organismar ein har i dei ulike landskapa.

Det finst m.a. mange kulturtilknytt fuglearter som også vert favorisert i det tradisjonelt drevne jordbrukslandskapet. Interessant er det at undersøkelser i Vest-Europa syner at det maskinelt- og kjemisk drevne kulturlandskapet har negativ påverking på ein del fuglearter, med ei dramatisk nedgang i bestanden som følgje (pers.med. Alf Ottar Folkestad).

I Møre og Romsdal er det gjort eit pionerarbeid med omsyn til klassifisering av kulturlandskap utifrå sopp som indikatorartar (Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992, Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993 og Sivertsen, S, Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1994). Kvar indikatorart er gjeve ein poengsum etter indikatorverdi eller av grad av trussel. Ved å summere poeng for alle artane som er funne på ein lokalitet, får lokaliteten eit antal artspoeng som dannar grunnlag for kvalitetsvurderinga. Jo høgare artspoeng ein lokalitet har, jo meir sannsynleg er det at lokaliteten har hatt langvarig og kontinuerleg hevd.

I mange av dei utvalte områda i Møre og Romsdal er det gjort soppregistreringar på lokalitetar på gammal kulturmark. Ut i frå desse registreringane skil fleire lokalitetar seg klart ut som særleg interessante. Dette gjeld spesielt slåttemarka på Skutholmen i Fræna kommune og einerbakken på Gagnat i Gjemnes kommune. Soppene *Geoglossum difforme* og *Geoglossum haklieri* som vart funne på desse lokalitetane er akutt trua i Europa (pers.med John Bjarne Jordal).

Soppen *Geoglossum difforme*, slimjordtunge, er utrydda i fleire land i Europa og er pr. i dag ikkje funne på fleire enn ti lokalitetar i Europa. Av desse er to funn gjort i Møre og Romsdal. Arten er foreslått på raudlista for trua sopp i Europa og er der vurdert som akutt trua.

Geoglossum haklieri, røykbrun jordtunge, er totalt kjent frå 12 lokalitetar i Sverige, men elleve er øydelagd. I dag er den kjent berre på fire lokalitetar i verda og av desse ligg tre i Noreg. Ut i frå dei registreringane som er gjort i Møre og Romsdal ser det ut til at fylket har forvaltaransvar for sju-åtte sjeldsynte sopparter tilknytt gammal kulturmark (pers.med. John Bjarne Jordal).

Av dei naturtypene tilknytt det eldre landbruket er det bruken av utmarksareala som har endra seg mest. Store areal som tidlegare vart nytta til beite og slått, gror raskast igjen og det har endra landskapsbilete i stor grad. Innmarka har gjennom tidene vore brukt til åker og eng i veksling. Den intensive og einsidige engdyrkinga starta i etterkrigstida og har auka i takt med at landbrukspolitikken og driftsmetodane har endra seg.

I Møre og Romsdal er nokre av kulturmarkstypene knytta til det eldre jordbrukslandskapet vorte meir sjeldsynt berre dei siste åra. Spesielt gjeld det

tradisjonelle slåttemarkar som det er svært få av. Nemnast må og dei kalkrike utmarksbeita som er i god hevd.

Ut i frå registreringane i Møre og Romsdal ser det i mange høve ut til at sopp kan fortelle meir enn karplantar. Gode døme på dette er både på Gagnat i Gjemnes kommune og på Skutholmen i Fræna kommune. Artssamansettinga av karplantar kunne ikkje fortelle at desse områda var så sjeldsynte med omsyn til lang kontinuitet.

Forvaltning

Alle dei utvalte områda er av minst regional forvaltingsverdi. Det er difor viktig at ein gir desse områda ei overordna planstatus slik at einskildsaker innafor områda vert sett i samanheng. På denne måten vert det lettare for styresmaktene å ivareta verdiane i eit heilskapeleg kulturlandskap i praksis. Det vert difor oppmoda om at kommunane tar kontakt med styresmaktene ved bygging og andre inngrep i desse sonene.

I 12 av dei 19 utvalte områda er det registrert andre naturfaglege interesser i form av verneområde for edellauvskog, verdifulle lyngheiområde, verna vassdrag, fuglefredingsområde m.m. eller at området grenser til nasjonalpark. Dei utvalte områda er og i mange høve samanfallande med område med verdifulle fornminne og kulturminne. Det er difor av stor verdi at forvaltinga koordinerar innsatsen i desse områda.

Nokre få stadar er faren for driftsendringar liten fordi eigarane sjølv vil halde på dei gamle jordbruksmetodane, men dette gjev som regel ikkje akseptabel økonomisk gevinst. Ei viktig oppgåve er difor å legge tilrette for at desse kan oppretthalde dei eldre og tradisjonelle driftsformane.

Vidare registreringar

Det er fortsatt mange område som ikkje er registrert i Møre og Romsdal. Eit omfattande arbeid i mange kommunar gjenstår.

LITTERATUR

- Asdøl, K., Moe, A. og Mykland, H. Chr. 1991. Skjøtselsplan for Møll og Grande i Geiranger. Hovedoppg. ved Telemark distriktshøgskole / Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Austigard, B. 1991. Til Eikedalen. Informasjonshefte for tilreisende. Eikesdal Bygdelag.
- Bjørkhaug, B. og Poulsson, S.: Norges fyr
- Bjåstad, I. 1970. Soga om Hareid og Ulstein. Den allmenne delen. Bind. I.
- Bygd og by i Norge. Møre og Romsdal. 1977. Red. Pio Larsen.
- DN-rapport 1992-10. Barlind og kristtorn i Vest-Norge.
- Døssland, A. 1990. Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal 1. 1671-1835.
- Fladset, P.O. 1992. Skjøtselsplan for Slettaia, Verma i Møre og Romsdal. Hovedoppgave ved Institutt for skogfag. Norges landbrukshøgskole.
- Fremstad, E., Aarrestad, P.A., Skogen, A: Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA Utredning 029: 1-172.
- Frå Hjørundfjord. Hjørundfjord kommune 1837-1963. Årsskrift nr. 9 - Hjørundfjord Sogelag.
- Fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal, 1994. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr. 3-1988.
- Grini, P.G og Botten, A. 1991. Registrering av kulturlandskapet i Eikedalen.
- Grytten, H. og Dybvik, P. 1993. Øyde Øyar og Tause Tun. Utgitt av Sparebanken Møre.
- Grøvik, I 1975: Hjørundfjordboka I. Hjørundfjord bygdeboknemnd. Ørsta kommune.
- Grøvuassdraget natur og kultur. Utgjevar: Aksjon varig vern av Grøvu v/ Tor Helge Gravem. 1983.
- Hansen, I., Innvik, P.E. og Svinsås, G. og Ulvund; A. Sunndal vill og vakker.
- Hatløy, K.H. 1992. Borgarøya i Ulstein kommune. Skjøtselsplan for kulturlandskapet og forslag til framtidig status og forvaltning.
- Hjelset, S. og Toft, S. 1992: Landskapsvern i Romsdalen? Hovedoppgave, LNH-Ås
- Holten, J.I., Frisvoll, A.A. og Aune, E.I. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Økoforsk-rapport 1986, 3B.
- Hyldbakk, H. 1975: Setrane i Surnadal.
- Hånde, P. S.. 1969. En plantesosiologisk undersøkelse av lauvskogen i Eikesdalsområdet i Romsdal, med spesiell vekt på hasselskogen. Hovedoppgave ved Det matematiskvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo.
- Jordal, J. B. Excursion guide: Grøvdalen-Åmotan. Artic Global Change Conference. Oppdal, Norway 21-26 August 1993. NINA.
- Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarkar og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Jordal, J.B. og Sivertsen, S. 1992. Soppfloraen i noen ugjødsle beitemarker i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- K.norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1984-5.
- Landbruk 2000. Landbruket i Møre og Romsdal mot år 2000. Hovudrapport frå ei utgreiing i regi av Fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal. 1990. ISBN 82-90393-34-2
- Larsen, P.(red.) 1977. Møre og Romsdal. Bygd og by i Norge.
- Marker 1977. Notatar frå Møre og Romsdal.
- Moen, A. 1969 b. Subalpine slåttemyrer på Nordmarka, Nordmøre. - Myrers økologi og hydrologi, IHD. rapp. 1.
- Moen, A. 1984: Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrrservatplanen.
- Moen, A., Norderhaug, A. og Skogen, A. 1993. Håndbok i feltregistrering-viktige vegetasjonstyper i kulturlandskapet, Midt-Norge. Nasj. reg. av verdifulle kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning. Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavd.. Innberetning / registrering av fornminne i samband med utarbeiding av reguleringsplan 1993.
- Notat Alv Ottar Folkestad 1993.
- Notat om krigsminnesmerker. Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.
- NOU 1991:12 A og 12 B. Verneplan for vassdrag IV.
- Rabben, B. 1962. Herøyboka. Gardar og folk I. Herøy sogelag.
- Rabben, B. 1992. Folk ved havet. Fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal I og II. Utgjevar: Sunnmøre Fiskarlag og Romsdal fiskarlag.
- Rabben, B. 1976. Soga om Sande og Rovde. Sande sogenemnd.
- Roald, H.-J.: Reguleringsområdet Øksendalsøra / Sunndal kommune, CUBUS, 1980.
- Sande, J. 1989. Farne tider. Bygdesoga fram til 1920. Stordalssoga band 1.
- Sivertsen, S, Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1994. In press. Noen soppfunn i ugjødsle beite- og slåttemarkar. Tidsskr.: Agarica.

- Smøla bygdebok I. Utviklinga fram til år 1700. Gards og ættesoge for Ytre Roksvåg-Vikan 1981.
- Stokke, M. 1994. Kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Litterarturoppg. NLH.
- Thingvold, T. 1988: Vurdering av nyere tids kulturminner og utbyggingsplaner i Raumavassdraget.
- Tscudi-Madsen, S. og Warmedal, M.M.: Vakrest i landet. 1991.
- Tvinnereim, J. 1992. Grotid i grenseland. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal II 1835-1920.
- Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport nr.10. 1992.
- Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden. (ISBN 82-7430-007-6).
- Welle-Strand, E. 1987: Norge rundt.